

Forord

Når ein sit midt oppi eit omfattande prosjekt, er det lett å tenke at det skal bli godt å bli ferdig, men det er med ei blanding av vemod og glede eg seier farvel til dette mastergradsprosjektet. Vemod fordi det eg har brukt to år på å sette meg inn i, ikkje lenger skal vere ein del av kvardagen; glede fordi eit nytt kapittel ventar utanfor lesesal 6301 på Dragvoll.

Først og fremst vil eg takke rettleiaren min, Tor Anders Åfarli, som våren 2014 introduserte meg for dialektsyntaks, partisippkongruens og formelle subjekt. Sidan den gong har han svart på over 60 e-postar og gitt respons på utkast etter utkast. Takk for hjelpa!

Eg må òg takke dei fem informantane, som alle har vore med på å dra denne masteren i land. Utan informantar kunne ikkje denne oppgåva ha blitt til, og eg set stor pris på bidraget frå kvar og ein av dei. Vener og familie heime på Sunnmøre har i tillegg kome med nytte innspel i løpet av prosessen, og ei ekstra takk går til mamma og pappa, som har vist uvanleg stor interesse for syntaks og morfologi dei siste to åra.

Når skrivesperra melder seg, er det godt å kunne dele frustrasjonen med andre i same situasjon. Takk til Kristine og Ingunn for godt lag, både inne på lesesalen og ute i marka. Til Anna, Marthe og Mimmi: de er gull verdt! Sist, men ikkje minst, vil eg takke Martinus for støtte, tolmod og oppmuntring gjennom alle fasane i skriveprosessen.

Ingvil Håberg Velle
Trondheim, mai 2016

Innhold

1. Innleiding	1
1.1 Introduksjon	1
1.2 Forskingsspørsmål.....	1
1.2.1 Empiri.....	2
1.3 Analysemodell.....	3
1.3.1 Verbtypologi, DP-distribusjon og kongruens.....	5
1.4 Strukturen til oppgåva	7
2. Teori	9
2.1 Subjektskravet i norsk	9
2.1.1 Formelle subjekt.....	10
2.2 Partisippkongruens, trekk og valuering.....	11
2.2.1 Adjektivisk kongruensbøyning av perfektum partisipp	12
2.3 Passiv og presentering	15
2.3.1 Passiv.....	16
2.3.2 Presentering	17
2.4 Analyse av partisippkongruens	19
2.4.1 «It» og «there» versus «det» og «der»	20
2.4.2 Analyse av partisippkongruens i norsk	21
3. Empiri og metode	25
3.1 Tidlegare forsking	25
3.1.1 ScanDiaSyn	28
3.2 Metode.....	29
3.2.1 Val av metode.....	30
3.2.2 Val av informantar	30
3.2.3 Utforming av testsetninger	31
3.2.4 Gjennomføring	33

3.3 Resultat.....	34
3.3.1 Setningar med DP-løfta subjekt	34
3.3.2 Setningar med «det» som formelt subjekt.....	35
3.3.3 Setningar med «der» som formelt subjekt.....	35
3.4 Oppsummering av empiri.....	36
4. Analyse.....	37
4.1 Analyse av setningar med «der» og ubøygd partisipp	37
4.2 Analyse av setningar med «det» og partisipp som kongruerer med postverbal DP	39
4.2.1 Det formelle subjektet «det» er utan relevante inherente trekk.....	41
4.2.2 Agr-prosjeksjonen kjem før PrP	42
4.2.3 Det formelle subjektet «det» blir ikkje generert i <spes, PrP>	43
4.3 Språkendring?.....	45
5. Konklusjon	49
6. Litteraturliste	51
<i>Vedlegg 1</i>	53
<i>Vedlegg 2</i>	55
<i>Vedlegg 3</i>	59
Samandrag	63
Relevans for lektoryrket	65

1. Innleiing

1.1 Introduksjon

Det overordna temaet for denne masteroppgåva er partisippkongruens i passiv- og presenteringskonstruksjonar med formelt subjekt. I skriftspråket finst det klare retningslinjer frå Språkrådet om korleis partisippkongruens skal distribuerast, men slik er det ikkje for talemålet; kvar dialekt har sitt system, som i større eller mindre grad samsvarer med skriftspråket. I dialektsyntaksen er ikkje målet å finne avvik frå skriftspråket, fordi ein ser på kvar dialekt som eit sjølvstendig system. Dialektsyntaktiske studiar er difor opptatt av å undersøke den syntaktiske strukturen i talemålsvarietetar (Sollid 2005: 83). Gjennom tale eller talemålsnær skrift kan ein få tilgang til språkbrukarane sin interne grammatikk, og den syntaktiske analysen representerer ein hypotese om dei underliggende strukturane i dei observerbare ytringane.

Eg har valt å undersøke partisippkongruens i dialekta som vert brukt i heimkommunen min, Herøy. Herøy kommune høyrer til ytre søre Sunnmøre i Møre og Romsdal, og er ein del av «nynorskens kjerneområde» (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 2). Talemålsvarietetar kan mellom anna bli kategoriserte med utgangspunkt i geografi, etnisitet, alder, sosioøkonomisk status eller talaren si sosiale tilhørsle, og varietetane blir skilt frå kvarandre gjennom ulike målmerke (Mæhlum og Røyneland 2012: 27). I denne oppgåva blir det noko generelle omgrepene «dialekt» brukte som synonym for det meir spesifikke omgrepene «geolekt». Geolekt er ein talemålsvarietet som først og fremst er basert på geografisk avgrensing, og den geografiske avgrensinga i dette høvet er ytre del av Herøy kommune.

I kapittel 1.2 presenterer eg relevante hypotesar og avgrensar forskingsspørsmåla. Kapittel 1.3 gir ei oversikt over analysemodellen som dei syntaktiske strukturane i oppgåva er basert på, medan 1.3.1 kort tar føre seg verbtypologi, DP-distribusjon og kongruens. Til slutt gir kapittel 1.4 ei oversikt over strukturen til oppgåva som heilskap.

1.2 Forskingsspørsmål

Temaet for oppgåva er kongruensbøyning av perfektum partisipp i presenteringssetningar og upersonleg passivkonstruksjonar. Eg tar utgangspunkt i *hypotesen om partisippkongruens*, som mellom anna Aksnes (2003) og Åfarli (2013) også arbeider ut ifrå:

Perfektum partisipp kongruerer med «det» når «det» er formelt subjekt, men med den postverbale DP-en når «der» er formelt subjekt.

To premiss må vere lagt til grunn for at hypotesen om partisippkongruens skal fungere som utgangspunkt. For det første må den aktuelle dialekta tillate både «det» og «der» som formelt subjekt i både passiv og presentering. For det andre må det vere synleg bøyingsmorfologi på perfektum partisipp-forma av hovudverbet. Dersom desse to føresetnadane er på plass, er hypotesen om partisippkongruens eit nyttig hjelpemiddel i utforskinga av temaet. I praksis vil hypotesen om partisippkongruens slå ut som vist i døme 1-2 under.

- | | |
|--|---|
| 1a) Det vart <u>skote</u> ei ku | 2a) Der vart <u>skota</u> ei ku |
| 1b) Det vart <u>skote</u> ein okse | 2b) Der vart <u>skoten</u> ein okse |
| 1c) Det vart <u>skote</u> eit dyr | 2c) Der vart <u>skote</u> eit dyr |
| 1d) Det vart <u>skote</u> fleire kyr/oksar/dyr | 2d) Der vart <u>skotne</u> fleire kyr/oksar/dyr |

I døme 1 og 2 over kan ein sjå at vekslinga mellom «det» og «der» påverkar bøyingsmorfologien i partisippforma. Ein konsekvens av hypotesen om partisippkongruens er at setningar som **Det vart skota ei ku* eller **Der vart skote ei ku* bør bli vurderte som ugrammatikalske av dialektbrukarane. Eg har difor kome fram til følgande forskingsspørsmål:

- 1) Samsvarer hypotesen om partisippkongruens med datamateriale frå herøydialekta på Sunnmøre?
- 2) Dersom det finst avvik frå hypotesen om partisippkongruens, korleis kan desse avvika analyserast?

1.2.1 Empiri


Det empiriske bakteppet for oppgåva er prega av ein del utdatert materiale. Dette gjeld til dømes Dahl (1974) og Sandøy (1988), som begge har ein viss relevans, men som viser til resultat som er fleire tiår gamle. Nyare forsking, som Aksnes (2003) og Åfarli (2013), er kanskje meir

relevant når det gjeld den syntaktiske analysen, men tar ikkje spesifikt føre seg herøydialekta eller nærliggande dialektområde. Den nyare forskinga har også behov for større empirisk tyngde for å kunne avkrefte eller stadfeste sine forskingsspørsmål. Eg har difor gjennomført ei undersøking av partisippkongruens i herøydialekta. I og med at eg har valt å undersøke mi eiga dialekt, har eg hatt moglegheit til å bruke familie, vene og eigen dialektbruk som referansepunkt i ulike fasar av undersøkinga. Kjennskapen til herøydialekta var spesielt nyttig i utarbeidninga av testsetningane. For å markere setningar som er rekna som ugrammatikalske, enten i skriftspråket eller i dialekta, nyttar eg ein asterisk (*).

I lys av at dette først og fremst er ei syntaktisk vinkla oppgåve, valde eg å ikke undersøke korleis kjønn, yrke eller sosioøkonomisk status kan påverke dialektbruken. Det eg derimot la til rette for, var moglegheita til å kunne seie noko om eventuelle generasjonsforskjellar mellom informantane. Informantane er difor delte inn i ei yngre og ei eldre gruppe. Hovudfokuset i oppgåva er likevel kor vidt det resultatet eg får, stemmer med hypotesen om partisippkongruens. Om ein faktisk kan finne belegg for syntaktiske ulikheiter mellom generasjonane på grunnlag av éin enkelt studie, er diskutert i kapittel 4.3

1.3 Analysemodell

Den modellen for setningsanalyse eg tar utgangspunkt i, baserer seg på *Prinsipp- og parameterteorien* slik han er presentert i Åfarli og Eide (2003), med nokre minimalismetrekk. Eg tar utgangspunkt i ein binær struktur som «startar» nedanfrå og bygger seg oppover, og at kvar kjerneposisjon projiserer opp til frasenivå, altså P-nivå. DP-ar i strukturen er markerte med genus- og numerustrekk. Figur 1 under viser setninga *Elgen vart skoten* etter ein full derivasjon.



Figur 1

Dei ulike «oppgåvene» til dei ulike posisjonane er grovt sett som følger: i V-kjernen vert hovudverbet generert, og <komp, VP> er den typiske posisjonen til det direkte objektet. I <spes, VP> har det indirekte objektet sin posisjon, og posisjonen er difor utelaten i setningar utan indirekte objekt. Over VP kjem Pr-projeksjonen, og i <spes, PrP> blir subjektet generert. Dette gjeld alle typar subjekt, også formelle subjekt, som er semantisk tomme. Det er eit viktig poeng at <spes, kjerne>-posisjonane frå og med <spes, PrP> til og med <spes, TP> er å rekne som subjektsposisjonar. Desse posisjonane må fyllast i løpet av derivasjonen. I figur 1 kan ein sjå at alle desse posisjonane er fylte av sporet til DP-en «elgen», som er flytta frå objektsposisjonen.

I Pr-kjernen har vi ein predikasjonsoperator, som saman med V-domenet skaper setningar, eller proposisjonar, som kan vere sanne eller falske (Bowers 1993). Vidare kjem Agr-prosjeksjonen, som står for *agreement*, eller kongruens på norsk (Belletti 2001). Denne funksjonelle prosjeksjonen er i mitt tilfelle berre nødvendig i setningar der ein finn morfologisk synleg kongruens mellom partisippforma til verbet og ein DP. I Agr-kjernen vil eg anta at det finst uvaluerte kongruenstrekk som søker etter å bli valuerte i løpet av derivasjonen (jf. kap. 2.2).

Dersom ei setning inneholder eitt eller fleire hjelpeverb, må strukturen byggast på med Vaux-prosjeksjon (engelsk *auxiliary verb*) etter Agr-prosjeksjonen. I Vaux-kjernen blir hjelpeverbet generert. Nest øvst i treet er T-prosjeksjonen, og til T-kjernen må verbet flytte for å få tempus, som i norsk kan vere enten presens eller preteritum. Til slutt har vi C-prosjeksjonen, som er domenet for leddstilling. Det finitte verbet flyttar til C-kjernen, og setninga blir enten deklarativ, imperativ eller interrogativ. Subjektet vil ofte bli flytta til <spes, CP>, men også andre setningsledd kan flyttast hit, og med det bli tematiserte. Når det gjeld undersetningar, blir C-kjernen fylt av ein subjunksjon i staden for det finitte verbet, og <spes, CP> vil normalt stå tom. Kort oppsummert er grunnstrukturen CP-TP-PrP-VP, der CP er domenet for leddstilling, TP er domenet for tempus og finitheit, PrP for proposisjonsdanning, og VP er domenet for argumentstrukturen.¹

1.3.1 Verbtypologi, DP-distribusjon og kongruens

I ei endoskeletal tilnærming er det vanleg å sjå på hovudverbet som det som bestemmer talet på argument i ei setning (Åfarli og Eide 2003: 43). Argumenta vert kalla for Theta-roller, og dei har å gjere med kvar DP-ar kan bli genererte i den syntaktiske strukturen. Ulike typar verb deler ut ulikt tal roller. Subjektet er den eksterne Theta-rolla, medan direkte og indirekte objekt er dei to interne Theta-rollene. Under er ei enkel oversikt over dei ulike verbtypane.²

+ eks. Theta	+ int. Theta	=>	Transitivt (SU, DO)
+ eks. Theta	- int. Theta	=>	Intransitivt/inergativt (SU)
- eks. Theta	+ int. Theta	=>	Ergativt (DO)
- eks. Theta	- int. Theta	=>	Meteorologiske verb (-)

¹ Eg tar utgangspunkt i ein endoskeletal analysemodell.

² I denne framstillinga er ikkje indirekte objekt tatt med. For ei grundigare innføring i argumentstruktur, sjå Åfarli og Eide (2003: 41-55, 101-117).

Det er spesielt ergative verb og passivverb som er relevante for denne masteroppgåva, fordi verbet då ikkje deler ut ekstern Theta-rolle. Det inneber at det ikkje blir generert eit subjekt i subjektsposisjonen, noko som fører til at subjektsposisjonen må fyllast av eit formelt subjekt eller ein løfta DP. I kapittel 2.3 er dette presentert grundigare. I figur 1 over ser vi at DP-en «elgen» ikkje er generert i subjektsposisjonen <spes, PrP>, men er løfta opp frå DO-posisjonen <komp, VP>. Vidare har DP-en flytta oppover i det syntaktiske treet for å fylle alle subjektsposisjonane.

Åfarli og Eide (2003: 53) skriv at «Theta-roller berre blir tilordna til argument som står i <spes, XP>-posisjon eller <komp, XP>-posisjon til den kjerna som tilordnar rollene». Vidare poengterer dei at eit argument skal ha ei og berre ei Theta-rolle, og at ei Theta-rolle skal tilordnast eitt og berre eitt argument, noko som blir kalla *Theta-kriteriet* (Åfarli og Eide 2003: 102). Verbet deler ut Theta-rollene før flytting, og DP-ar utan semantisk innhald har ikkje Theta-rolle. Dette gjeld til dømes formelle subjekt, noko som blir grundigare presentert i kapittel 2.1.

Kasus er ein annan faktor som spelar inn på den syntaktiske analysen. Eg vil ta utgangspunkt i den type Kasus som Åfarli og Eide (2003) kallar *abstrakt Kasus*. Ein kan anta at sjølv om norsk ikkje er eit «kasusspråk», har norsk usynleg eller abstrakt Kasus.³ Det mest sentrale å nemne er *Kasusfilteret*, som seier at ein fonetisk eller grafisk realisert DP må ha Kasus (Åfarli og Eide 2003: 110). I praksis inneber dette at ein kvar DP, også semantisk tomme DP-ar, må bli tildelt Kasus i løpet av derivasjonen for å kunne vere synlege i setninga. Kasus er med andre ord med på å regulere korleis DP-ar blir distribuerte i syntaksen. Tilordning av Kasus kan skje etter flytting, fordi spor (engelsk *trace*) kan tilordne Kasus. Det er vanleg å rekne med at nominativ Kasus blir tilordna gjennom spesifikator-kjerne-kongruens, og at akkusativ Kasus vert tilordna gjennom styring. Berre kjernekategoriar kan styre Kasus. Ein antar at T<+FIN>, V<+TRANS> og preposisjonsfrasar tilordnar Kasus. Utan Kasus er ikkje ein fonetisk eller grafisk realisert DP lisensiert i syntaksen.

Den siste faktoren eg vil nemne før eg går vidare, er valuering av trekk. Valuering av trekk gjennom sonde-mål forklarer mekanismen bak samsvarsbøyning eller kongruensbøyning, og er grundig presentert i kapittel 2.2. Kort forklart er valuering ei form for «matching» som synleggjer at to språklege element høyrer saman. I figur 1 er til dømes genus- og numerustrekka

³ Det er typisk å nemne tysk eller finsk som døme på kasusspråk. I norsk ser ein skiljet mellom nominativ og akkusativ kasus i det vi kallar subjektsform og objektsform av personlege pronomen, til dømes i «eg» og «meg» eller «vi» og «oss». Det finst òg dativsrestar i fleire dialekter, men norsk er altså ikkje rekna som eit kasusspråk.

i partisippet «skoten» valuert av DP-en «elgen». Valuering av trekk er ein vesentleg komponent av analysen av partisippkongruens i kapittel 2.4, og ein sentral del av analysen av resultata i kapittel 4.

I motsetnad til valuering, blir ikkje distribusjon av Theta-roller og tilordning av abstrakt Kasus tillagt ei like stor rolle i analysen av partisippkongruens. Det er likevel nødvendig å ha ei viss innsikt i korleis mekanismane fungerer for å forstå analysen fullt ut. I kapittel 2.1 er Theta og Kasus sentralt for å forstå subjektskravet i norsk, og i kapittel 4.2.3 blir Theta-kriteriet og Kasusfilteret brukt for å kontrollere at den alternative analysemodellen er haldbar.

1.4 Strukturen til oppgåva

Oppgåva er fordelt på fem kapittel. Kapittel 2 tar føre seg dei ulike teoretiske aspekta som er relevante for analysen av passiv- og presenteringssetningar med formelt subjekt og partisippkongruens. I kapittel 3 presenterer eg relevant forskingsarbeid som finst frå før. I tillegg diskuterer eg val av metode og informantar til mi eiga undersøking, før eg til slutt i kapittelet presenterer resultatet frå undersøkinga mi. Kapittel 4 inneheld ei drøfting av korleis resultat som avvik frå hypotesen om partisippkongruens kan analyserast. Siste del av kapittel 4 diskuterer språkendring og dialektsyntaks. I kapittel 5 konkluderer eg og gir ein avsluttande kommentar.

2. Teori

I kapittel 2.1 introduserer eg formelle subjekt og subjektskravet i norsk. Kapittel 2.2 gir ei innføring i korleis partisippkongruens kan koplast til trekk og valuering, medan 2.2.1 tar føre seg adjektivisk kongruensbøyning av perfektum partisipp. Vidare fokuserer kapittel 2.3 på setningstypane passiv og presentering, og i kapittel 2.4 går eg i djupna på korleis ein kan analysere partisippkongruens i setningar med formelle subjekt.

2.1 Subjektskravet i norsk

I mange språk, inkludert det norske, finst det eit absolutt subjektskrav. Kravet gjeld i alle finitte setningar, også i finitte setningar der subjektet tilsynelatande ikkje er til stades, som i imperativsetningar og småsetningar. Dette inneber at sjølv om subjektet ikkje er fonetisk uttrykt, er det til stades i syntaksen. Eit prinsipp som lenge har stått sentralt i forklaringa på kvifor setningar må ha eit subjekt, er EPP, *The Extended Projection Principle*. EPP vart introdusert av Chomsky i 1982, og Åfarli og Eide (2003: 193) forklarer det slik:

Projiseringsprinsippet sier at argumentene til en leksikalsk kjerne skal realiseres i syntaksen, hvilket betyr at f.eks. et verb har akkurat så mange DP-posisjoner omkring seg som det har Theta-roller til. Dette prinsippet blir så "utvidet" med en spesialregel for subjektet: Selv om verbet ikke semantisk krever et subjekt, må subjektposisjonen lages og fylles uansett.

Innanfor generativ grammatikk er det vanleg å rekne ordinære subjekt som mottakar av verbet si eksterne Theta-rolle, og i tillegg må ordinære subjekt få nominativ Kasus. Men som vi kan sjå av døma under, er det ikkje nødvendigvis slik at alle subjekt har både Theta-rolle og Kasus, sjølv om det er rekna som det vanlegaste. Dei tre ulike subjektsvariantane i norsk presenterer Åfarli og Eide (2003: 207) slik:


- | | | |
|---------|----|--|
| +Th, +K | => | ordinært innhaldssubjekt: <i>Jenta skaut elgen.</i> |
| +Th, -K | => | PRO (ikkje fonetisk realisert): <i>Å _ gå på tur er kjekt.</i> |
| -Th, +K | => | formelt subjekt: <i>Det regnar ute.</i> |

Som vist over, har ikkje formelle subjekt fått tildelt ekstern Theta-rolle. Subjektskravet er likevel gjeldande, også når subjektsplassen er Theta-fri. I dei tilfella der verbet ikkje deler ut

ekstern Theta-rolle, kan subjektskravet oppfyllast på to måtar. Det første alternativet er å løfte opp ein DP frå ein posisjon lenger nede i strukturen. Det andre alternativet er å sette inn eit formelt subjekt, oftast realisert som «det». Typiske verb som kan ha det-innsetting, er meteorologiske verb, ergative verb og passivverb.

DP-løfting: Ein elg er skoten (sjå figur 2)

Det-innsetting: Det er skote ein elg (sjå figur 3)



Ved DP-løfting ser vi at det som opphavelig kan reknast som direkte objekt, «ein elg», har blitt løfta opp til den kanoniske posisjonen til subjektet, <spes, PrP>. DP-en blir såleis syntaktisk sett rekna som subjekt. Sidan subjektskravet (EPP) gjeld <spes, PrP>, er det eit vesentleg poeng at denne

posisjonen ikkje blir ståande tom. Vi ser at «det» blir sett rett inn i <spes, PrP> i figur 3. Vidare skal alle subjektsposisjonar oppover i treet også fyllast i løpet av derivasjonen. Flyttinga skal skje suksessivt til nærmaste relevante posisjon, noko som blir omtala som prinsippet om kortaste flytting eller relativisert minimalitet (Åfarli og Eide 2003: 114).

2.1.1 Formelle subjekt

Det formelle subjektet i norsk kan skildrast som eit trykklett funksjonsord, oftast realisert som «det», som manglar referanseverdi til andre ledd i setninga (Aksnes 2003: 4; Dahl 1974: 180). Dette er grunnen til at det gjerne vert kalla for eit innhaldstomt subjekt. Også «der» og «her» kan bli brukt som formelle subjekt (jf. Dahl 1974), men det er då viktig å skilje mellom bruken av orda som formelle subjekt, og bruken av orda som stadadverbial. Aksnes (2003: 10) eksemplifiserer forskjellen på «der» som formelt subjekt og «der» som adverbial gjennom setninga **Der** er der alltid så mange kjentfolk. Her er **Der** stadadverbial, medan *der* er formelt subjekt. Som nemnt tidlegare vil ikkje eit formelt subjekt få Theta-rolle, men det skal ha Kasus. Formelle subjekt får Kasus i løpet av derivasjonen, nærmare bestemt i <spes, TP>. Eg kjem

tilbake til formelle subjekt og det-innsetting under kapittel 2.3 om passiv- og presenteringskonstruksjonen.

2.2 Partisippkongruens, trekk og valuering

Kongruens, eller samsvarsbøyning, inneber at eit element tar trekka til eit anna element: der er eit element som kontrollerer og eit element som vert kontrollert (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 387). Norske adjektiv og perfektum partisipp skal bøyast i samsvar med den nominalfrasen det står til, både i genus, numerus og definitt. Det er denne typen kongruens som gjer at vi ikkje produserer ugrammatikalske ytringar som **eit gul hus*. Det som går gale her, er at adjektivet *gul* ikkje har tatt trekka til nominalfrasen *hus*.

Trekk (engelsk *feature*) kan sjåast på som ein språkleg eigenskap, og finst i mange variantar, avhengig av kva slags felt i lingvistikken ein arbeider innanfor (Corbett 2012: 1). Den typen trekk som er relevant for partisippkongruens i norsk, er morfosyntaktiske trekk. Dette er trekk som påverkar både morfologien og syntaksen, og i norsk er desse vanlegvis synlege gjennom affiks. I norsk har ein mellom anna dei morfosyntaktiske trekka *genus*, *definitt*, *numerus* og *tempus*. Tempustrekket er ikkje relevant for adjektivisk kongruensbøyning av perfektum partisipp, og blir difor ikkje diskutert vidare i oppgåva. Genus, definitt og numerus derimot, er trekk ein reknar med er inherente i substantiv, og på den måten gjeld dei også adjektiv eller partisipp som kongruerer med substantivet.⁴

Kwart trekk kan ha fleire verdiar (engelsk *values*), og desse vil variere frå språk til språk (Corbett 2012: 6). I norsk har genus verdiane femininum, maskulinum og nøytrum; definitt har verdiane definitt og indefinitt; numerus har verdiane singularis og pluralis. Nomena *jente* og *gut* kan nyttast som døme:

1a) Jente [gen f; indef; num sg]

1b) Jentene [gen f; def; num pl]


1c) Gut [gen m; indef; num sg]

1d) Gutane [gen m; def; num pl]

⁴ Det finst ulike analysar av substantiv og trekka til substantivet, sjå til dømes Riksem (2013). I min analyse reknar eg dei relevante trekka som inherente i substantivet, fordi det er irrelevant om dei er inherente eller tilordna via valuering.

Som nemnt reknar eg i min analyse med at trekka i substantiv er inherente, og i tillegg reknar eg med at desse trekka er valuerte. Det betyr at når substantivet, eller nomenet, blir tatt inn i syntaksen, vil kvart trekk ha ein bestemt verdi på førehand, slik vi ser av døme 1a-d over. Adjektiv har på den andre sida *ikkje* inherent valuerte trekk, noko som er markert med «u». U-en markerer at trekket er uvaluert, altså udefinert med omsyn til trekkverdi. Adjektivet *gul* vil difor blir sjåande slik ut:

2) Gul [gen u; def u; num u]



Når eit ord har uvaluerte trekk, vil desse trekka søke i den syntaktiske strukturen etter tilsvarende trekk som kan valuere dei. Denne søkinga skjer gjennom ein mekanisme kalla sonde-mål (engelsk *probe-goal*) nedover i det syntaktiske treeet. Sonde-mål skjer innanfor C-kommando-domenet til dei uvaluerte trekka.⁵ Figur 4 og 5 viser korleis valueringa av trekka i adjektivet *gult* går føre seg dersom det skal kongruere med nomenet *hus*.⁶ Sonde-mål gjer det mogleg for trekk som står lenger oppe i trestrukturen, å få trekk lenger nedanifrå, og gjer med det overføring av trekk mogleg der ein *ikkje* kan rekne med at flytting (som elles er ein vanleg mekanisme å rekne med) kan vere gjeldande. Sonde-mål-mekanismen forklarer difor godt korleis ulike ledd internt i ein frase får kongruens. Eit viktig poeng er at alle uvaluerte trekk *må* valuerast i løpet av derivasjonen. Trekkvaluering er på den måten med på å drive derivasjonen av setninga framover (Riksem 2013: 36). I kapittel 2.4 blir det vist at valuering av trekk er ein sentral mekanisme i analysen av veksling i partisippkongruens.

med nomenet *hus*.⁶ Sonde-mål gjer det mogleg for trekk som står lenger oppe i trestrukturen, å få trekk lenger nedanifrå, og gjer med det overføring av trekk mogleg der ein *ikkje* kan rekne med at flytting (som elles er ein vanleg mekanisme å rekne med) kan vere gjeldande. Sonde-mål-mekanismen forklarer difor godt korleis ulike ledd internt i ein frase får kongruens. Eit viktig poeng er at alle uvaluerte trekk *må* valuerast i løpet av derivasjonen. Trekkvaluering er på den måten med på å drive derivasjonen av setninga framover (Riksem 2013: 36). I kapittel 2.4 blir det vist at valuering av trekk er ein sentral mekanisme i analysen av veksling i partisippkongruens.

2.2.1 Adjektivisk kongruensbøyning av perfektum partisipp

Perfektum partisipp blir ofte kalla den adjektiviske forma av verbet, og ein reknar med at perfektum partisipp fell innunder bøyingsramma for adjektivisk kongruensbøyning. Både

⁵ C-kommando: «X c-kommanderer Y hvis og bare hvis den første forgreina knuten som dominerer X også dominerer Y, og X sjøl ikke dominerer Y» (Åfarli og Eide 2003: 114)

⁶ Legg merke til at trekket definitt er utelate fra trestrukturene frå no av. Dette er gjort fordi det *ikkje* er relevant for analysen vidare i oppgåva.

adjektiv og perfektum partisipp kan stå i attributiv og predikativ posisjon. Når det står attributivt, står det som eit underordna ledd i substantivfrasen, og kongruerer med nomenkjernen i frasen (Kulbrandstad 2005: 151). Døme 3a under viser adjektivet «frykteleg» i attributiv posisjon, medan døme 3b viser partisippet «skrive». Begge kongruerer med nomena «spel» og «brev» i genus, numerus og definitt.

- 3a) Eit frykteleg spel – det fryktelege spelet – fleire fryktelege spel
- 3b) Eit skrive brev – det skrivne brevet – fleire skrivne brev

I desse frasane er adjektivet og partisippet valfritt, og frasane vert ikkje ugrammatikalske om ein tar bort adjektivet eller partisippet, som vi kan sjå av døme 4 under.

- 4a) Eit spel – det spelet – fleire spel
- 4b) Eit brev – det brevet – fleire brev

I tillegg kan adjektiv og perfektum partisipp stå i predikativ posisjon. Då fungerer det som eit eige setningsledd (Kulbrandstad 2005: 151). I nynorsk skriftspråk har adjektivet og partisippet full samsvarsbøyning også i denne posisjonen, som vist i døme 5.

- 5a) Spelet var frykteleg – spela var fryktelege
- 5b) Brevet var skrive – breva var skrivne

Om adjektivet eller partisippet står i predikativ posisjon, kan det ikkje takast bort utan at setninga blir ugrammatikalsk. Dette er vist i døme 6 under.

- 6a) *Spelet var _
- 6b) *Brevet var _

Av døme 3-6 over kan ein sjå at bøyingsramma for perfektum partisipp samsvarer med bøyingsramma for adjektiv. Perfektum partisipp blir ofte forklart som den forma av verbet vi

set bak hjelpeverba *ha*, *vere*, *verte* eller *bli*, men eg vil skilje mellom perfektum partisipp og supinum. Dette skiljet er sentralt fordi det direkte påverkar kor vidt det er samsvarsbøyning eller ikkje. Supinum er den forma vi set etter hjelpeverbet *ha*, og dette er den verbale partisippforma. Supinumsforma er ubøygd, og vil alltid vere samanfallande med nøytrumsforma av partisippet. Supinum er difor ikkje relevant for ei oppgåve om partisippkongruens. Perfektum partisipp derimot, står etter *vere*, *verte* eller *bli*, og er den adjektiviske forma. Denne forma kan potensielt bli samsvarsbøyd, som vist i over. Det er denne snevre forståinga av perfektum partisipp eg vil ta utgangspunkt i gjennom oppgåva. Døme 7 viser forskjellen på supinum og perfektum partisipp.

7a) **Supinum (nynorsk):** Barnet har skrive brevet/boka/artikkelen – guten har skrive brevet/boka/artikkelen – jenta har skrive brevet/boka/artikkelen

7b) **Perfektum partisipp (nynorsk):** Brevet er skrive av barnet/guten/jenta – boka er skrivne av barnet/guten/jenta – artikkelen er skrivne av barnet/guten/jenta

I skriftspråket kjem samsvarsbøyning av perfektum partisipp generelt tydelegare fram i nynorsk enn i bokmål. I døme 8 under ser vi at partisippet uavhengig av posisjon kongruerer med nominalfrasen. Aksnes (2003: 109) kommenterer at det generelt vert sett på som enklare å halde på kongruens av partisippforma i attributiv posisjon enn i predikativ posisjon i norsk. I denne oppgåva er det samsvarsbøyning av perfektum partisipp i predikativ posisjon som er mest interessant.

8a) **Attributiv posisjon:** Ein skoten okse – den skotne oksen – fleire skotne oksar – alle dei skotne oksane

8b) **Predikativ posisjon:** Ein okse vart skoten – oksen vart skoten – fleire oksar vart skotne – oksane vart skotne

Bøyingsmønsteret for perfektum partisipp avhenger av om det er eit sterkt eller eit svakt partisipp. Sterke partisipp er dei som i presens perfektum endar på -e, som *er skrive*, *er frose*, *er bunde*. Resten av partisippa, som til dømes kan ende på *t* eller *d*, er svake. I nynorsk

skriftspråk har sterke partisipp obligatorisk samsvarsbøyning i predikativ posisjon, som vi såg av døme 8b over. For svake partisipp er det i nynorsk skriftspråk slik at samsvarsbøyninga er valfri i predikativ posisjon.⁷ Sidan det norske skriftspråket skal spegle talemålet, og herøydialekta hører heime i nynorsken sitt kjerneområde, er det ideelt å teste ut hypotesen om partisippkongruens ved bruk av sterke partisipp.

2.3 Passiv og presentering

Det er to setningstypar som skil seg ut som særskilt nyttige for å analysere partisippkongruens i predikativ posisjon. Den eine er *upersonleg perifrastisk passivkonstruksjon* med «verte» som hjelpeverb, og den andre er *presenteringskonstruksjon* med «vere» som hjelpeverb.⁸ Gjennom å bruke setningar med samansett verbal, får ein tatt i bruk perfektum partisipp-forma av hovudverbet, og kan på den måten teste partisippkongruens. Begge setningstypane må fylle subjektsposisjonen gjennom enten DP-løfting eller det-innsetting, fordi dei syntaktiske strukturane av ulike grunnar ikkje legg til rette for ordinære innhaldssubjekt. Dette blir forklart i kapittel 2.3.1 og 2.3.2 under. Passiv- og presenteringssetningar med DP-løfting og det-innsetting er vist i døme 9 under.

- 9a) **Passiv, DP-løfting:** Mange elgar vart skotne i går
- 9b) **Passiv, det-innsetting:** Det vart skote mange elgar i går
- 9c) **Presentering, DP-løfting:** Mange elgar er komne ut av skogen no
- 9d) **Presentering, det-innsetting:** Det er kome mange elgar ut av skogen no

Vi skal sjå på passivkonstruksjonen først, men eg vil nemne eit fellestrek mellom dei to setningstypane før eg går vidare. Den postverbale DP-en i både upersonleg perifrastisk passiv og upersonleg presentering må i all hovudsak stå i ubestemt form for at setninga skal bli grammatikalsk ved det-innsetting: **Det vart skote elgane i går* er ugrammatikalsk. I litteraturen kan den postverbale DP-en i passiv og i presentering bli omtala som ulike ledd.⁹ Eg tar

⁷ I 2012 kom Språkrådet med nye reglar for samsvarsbøyning av perfektum partisipp.


⁸ Med presenteringskonstruksjon meiner eg setningar med ergative verb, altså verb som ikkje deler ut ekstern Theta-rolle. Dette gjer at presenteringskonstruksjonar per definisjon er upersonlege.

⁹ *Potensielt* eller *eigentleg subjekt* og *direkte objekt*.

utgangspunkt i at leddet opphaveleg er direkte objekt i begge setningstypane, og difor er generert i den kanoniske posisjonen til det direkte objektet, <komp, VP>.

2.3.1 Passiv


Passiv kan dannast på to måtar. *S-passiv* vert danna gjennom at suffikset -s/-ast vert lagt til verbet: *Et tre veltes over bilen min* eller *Det veltes et tre over bilen min*.¹⁰ Ved perifrastisk passiv nytter ein eit samansett verbal for å uttrykke passivhandlinga: *Eit tre vart velta over bilen min* eller *Det vart velta eit tre over bilen min*. I passivsetningar er det ein implisitt agens, altså ei underforstått subjektsrolle: det er noko eller nokon som har velta treet over bilen. Åfarli og Eide (2003: 218) reknar med at passivverb har eit eksternt argument [PASS] som ikkje er fonetisk



realisert, men som er mottakar av verbet si eksterne Theta-rolle. Dette er vist i figur 6, der pilene markerer at [PASS]-argumentet får den eksterne Theta-rolla, medan objektet som vanleg får den interne. Dette medfører at det ikkje er noka ekstern Theta-rolle «igjen» til eit fonetisk realisert subjekt. Når det likevel er eit krav om fonetisk realisert subjekt i setninga, må ein nytte DP-løfting eller det-innsetting for å oppfylle subjektskravet.

Som vist i kapittel 2.1, er formelle subjekt kjenneteikna av at dei ikkje får ekstern Theta-rolle. Dei kan difor settast inn i setningar med verb som ikkje deler ut ekstern Theta-rolle til subjektsposisjonen. Ein løfta DP har allereie fått ekstern Theta-rolle i objektsposisjonen, og er difor lisensiert før det flyttar opp til subjektsposisjonen i <spes, PrP>. [PASS]-argumentet forklarer også kvifor ein kan ane ein implisitt agens i passivsetningar. Ein fullstendig trestruktur (minus Agr-projeksjonen) av passivsetninga *Det vart velta eit tre over bilen min* er vist i figur 7.

¹⁰ Legg merke til at s-passiv er svært sjeldan i presens på nynorsk, medan det er vanleg på bokmål.




2.3.2 Presentering

Fordi ergative verb, som vert nytta i presenteringskonstruksjonen, er verb som ikkje deler ut ekstern Theta-rolle i det heile, har ikkje presenteringssetningar nokon implisitt agens. Dette ser vi i døme 10 under – det er ikkje nødvendigvis underforstått at noko eller nokon har velta treet over bilen, slik det er i passivsetningar.

10) Det er velta eit tre over bilen min


Der er ikke noko implisitt argument [PRES] som får den eksterne Theta-rolla, slik det er i passivsetningar, rolla er der berre ikke i utgangspunktet. Figur 8 viser at verbet berre deler ut intern Theta-rolle. Denne argumentasjonen skulle kanskje tilseie at ein ikke har subjekt i konstruksjonar med ergative verb, men som ein ser av EPP over (kap. 2.1), må alle



Figur 8

grammatikalske setningar ha eit subjekt i syntaksen. Sidan det manglar ekstern Theta-rolle, og formelle subjekt ikkje krev denne rolla, kan vi også her velje å sette inn eit formelt subjekt for å oppfylle det strenge subjektskravet i norsk. Som i passiv kan ein alternativt løfte den postverbale DP-en opp til subjektsposisjonen i <spes, PrP>, og dermed få setninga *Eit tre er velta over bilen min*. Figur 9 viser den fulle derivasjonen av setninga *Det er velta eit tre over bilen min*. Som vi ser, er strukturane for

passivsetninga *Det vart velta eit tre over bilen min* (figur 7) og presenteringssetninga *Det er velta eit tre over bilen min* (figur 9) svært like når ein ikkje markerer passivargumentet eller Theta-roller.



Figur 9

I ei endoskeletal tilnærming til analysen av passiv- og presenteringssetningar er det veklagt at det er verbet som bestemmer argumentstrukturen. Det kan difor sjå ut til at eksempelsetningane i figur 7 og 9 ikkje kan vere heilt riktige, fordi verbet «velte» er blitt brukt i begge setningane. Spørsmålet er korleis passivsetninga *Det vart velta eit tre over bilen min* og presenteringssetninga *Det er velta eit tre over bilen min* begge kan vere grammatikalske, når dei deler ut ulike Theta-roller. Det finst to måtar å forklare dette på. Den første forklaringa har med parallel argumentstruktur å gjere, og seier at det som tilsynelatande ser ut til å vere eitt og same verb, eigentleg kan vere to eller fleire homonyme verb som er lagra med ulik argumentstruktur i vårt mentale leksikon (Åfarli og Eide 2003: 236). Vi har altså eit passivverb «velte» og eit ergativt verb «velte» som eksisterer parallelt, og vi vel den verbvarianten som passar best ut ifrå kva vi vil formidle.

Den andre måten å forklare dette på har å gjere med eksoskeletal rammer. Det betyr at vi beveger oss bort frå den endoskeletalene tilnærminga, og heller tar utgangspunkt i ein forklaringsmodell der setninga sin struktur er gitt på førehand. Verbet blir sett inn i ei ferdig generert ramme, og det er sjølve ramma som avgjer om setninga blir passiv, presentering eller noko anna.¹¹ På denne måten unngår ein det uøkonomiske prinsippet med parallelle argumentstrukturar. Kva slags forklaringsmodell ein vel å nytte, er ikkje avgjerande for korleis ein analyserer vekslinga mellom bruken av «det» og «der» som formelt subjekt og variasjon i partisippkongruens. Uavhengig av endo- eller eksoskeletal tilnærming til analysen er upersonleg perifrastisk passiv og presentering ideelle setningstypar å teste ut partisippkongruens på.

2.4 Analyse av partisippkongruens

Når det gjeld partisippkongruens i setningar med formelt subjekt, skil Åfarli (2013) bøyingsmønsteret i dei norske dialektene frå kvarandre på to måtar. Ei dialekt kan enten ha berre «det» som formelt subjekt, eller tillate både «det» og «der» som formelt subjekt. Vidare skil han mellom dialekter som har samsvarsbøyning på partisippa, og dialekter som ikkje har det. Ei dialekt kan såleis ha «det» som formelt subjekt, og enten ha eller ikkje ha partisippkongruens, eller dialekta kan tillate «det» og «der» som formelt subjekt, og enten ha eller ikkje ha partisippkongruens. For dei dialektene som tillår partisippkongruens, reknar ein med at partisippet kongruerer med trekka i subjektet eller med trekka i ein postverbal DP. For dei

¹¹ For djupare innføring i rammeteori, sjå til dømes Borer (2003; 2005).

dialektene som tillåt både «det» og «der» som formelt subjekt, og også tillåt partisippkongruens, er hovedregelen at dersom «det» er formelt subjekt, vil partisippet få trekka singularis, nøytrum frå det formelle subjektet, som er ein inherent valuert DP. Viss «der» er formelt subjekt, kan ikkje partisippet få trekk frå subjektet fordi «der» ikkje har dei relevante trekka. Det vil seie at «der» ikkje har genus- eller numerustrekk i det heile. Då søker partisippet mekanisk etter trekk å kongruere med i den postverbale DP-en (jf. Aksnes 2003; Åfarli 2013). Dersom dialekta ikkje har partisippkongruens, er det den ubøygde forma av partisippet som er standard (samanfallande med n. sg.). Då reknar ein ikkje med ein Agr-projeksjon i den syntaktiske strukturen. Setning 11a og 11b viser korleis hypotesen om partisippkongruens blir synleggjort.

- 11a) Det vart skote ein elg.
11b) Der vart skoten ein elg.

I teorien er dette systemet for vekslinga mellom «det» og «der» og kva ledd partisippet kongruerer med, ganske enkelt å rette seg etter. I slutten av kapittel 2.4.2, samt i kapittel 4.1 og 4.2, kan ein sjå at systemet moglegvis er i ferd med å løysast opp i herøydialekta, noko som utfordrar analysemodellen på nokre punkt.

2.4.1 «It» og «there» versus «det» og «der»

For å forstå vekslinga mellom «det» og «der» i norsk kan ein samanlikne fenomenet med bruken av dei formelle subjekta «it» og «there» på engelsk. Åfarli (2013) argumenterer for at ein berre kan anta at eit språk har gitte morfosyntaktiske trekker dersom det er synleg i morfologien. Han legg difor til grunn at ein ikkje har Agr-trekket i T-kjernen i norsk, i motsetnad til engelsk som har synleg subjekt-verb-kongruens. Kongruensen er vist i døme 12:

- 12a) **Norsk:** bananen er gul – bananane er gule
12b) **Engelsk:** the banana is yellow – the bananas are yellow

Dette betyr at i engelsk vil det finnast uvaluerte kongruenstrekk i T-kjernen, og desse trekka må valuerast i løpet av derivasjonen (jf. kapittel 2.2). På same måte som i norsk kan desse trekka bli valuerte gjennom å søke seg til subjektet eller ein postverbal DP. I ei setning som *It is raining*

outside er det berre «it» som har moglegheit til å valuere trekka i T-kjernen, fordi der ikkje er nokon postverbal DP. I setninga *There is rain outside* har vi ein postverbal DP «rain» som kan valuere trekka i T, og på den måten blir også denne setninga grammatikalsk. På same måte som «der» i norsk er «there» i engelsk utan dei relevante kongruenstrekka (Groat 1995).

Så langt ser bruken av «it» og «there» i engelsk ut til å stemme overeins med bruken av «det» og «der» i norsk: både «it» og «det» har inherent valuerte trekk, medan verken «there» eller «der» har det. Det som skil språka, er ein parametrisk forskjell. Setningar med «it» som formelt subjekt i engelsk tillåt ikkje ein postverbal DP, som i **It is rain outside*. Den norske ekvivalenten, *Det er regn ute*, er heilt grammatikalsk. I kapittel 2.4.2 blir det vist at sjølv om norsk tillåt både «det» og postverbal DP i same setning, er det ikkje valfritt korleis samsvarsbøyingen går føre seg.¹²

2.4.2 Analyse av partisippkongruens i norsk




Norsk ikkje har synleg subjekt-verb-kongruens, og har ikkje Agr-trekk i T-kjernen. Åfarli (2013) antar derimot at nokre dialekter har ein Agr-projeksjon som er knytt til perfektum partisipp-forma av verbet. Dette er indikert gjennom den synlege kongruensmorfologien som partisippet har i nokre dialekter, og inneber at det ligg uvaluerte trekk i Agr-kjernen som må valuerast i løpet av derivasjonen. Agr-projeksjonen vil då vere plassert mellom Pr-projeksjonen og Vaux-projeksjonen (jf. figur 1 i kap. 1.3). Under ser vi korleis Åfarli (2013) oppsummerer valuering av trekk i samband med partisippkongruens, basert på empiri frå engelsk, stryndialekt og eldre stavangerdialekt.¹³

- a) Eit partisipp i ein gitt språkvariant kan eller kan ikkje ha uvaluerte verbkongruenstrekk.
- b) Eit partisipp har verbkongruenstrekk berre viss slike trekk er morfologisk synlege i språkvarianten.
- c) Uvaluerte verbkongruenstrekk i eit partisipp må bli valuerete av kongruenstrekka i ein DP.
- d) Kongruenstrekka i DP-ar er inherent valuerete.


¹² For grundigare innføring i korleis «it» og «there» kan samanliknast med «det» og «der», sjå Aksnes (2003) og Åfarli (2013).

¹³ Sjå Christensen og Taraldsen (1989) for stryndialekta, og Aksnes (2003) og Svendsen (1931) for stavangerdialekta.

Den aktuelle dialektene som skal undersøkast, herøydialekta, har sannsynlegvis uvaluerte kongruenstrekk i perfektum partisipp, og ho tillåt både «det» og «der» som formelt subjekt. Figur 10 og 11 under viser korleis dei uvaluerte partisippa i Agr-kjernen blir valuerte dersom «det» eller «der» er formelt subjekt. Strukturen i figur 12 viser setninga **Det er skotne nokre elgar*, som i teorien skal bli vurdert som ugrammatikalsk. Her søker dei uvaluerte trekka ned til den postverbale DP-en «nokre elgar», sjølv om subjektet «det» har inherent valuerte trekk som er tilgjengelege høgare oppe i strukturen.



Ein skulle kanskje tru at sidan både «det» og postverbal DP kan valuere partisippet, står ein fritt til å velje mellom dei når begge er med i setninga. Men sidan setningar som **Det er skotne nokre elgar* tradisjonelt ser ut til å bli vurderte som ugrammatikalske, kan ein rekne med at «det» har høgare prioritet enn den postverbale DP-en. Åfarli (2013) forklarer dette med at subjektet, uansett om det er eit formelt subjekt eller eit vanleg innhaldssubjekt, alltid står strukturelt nærmere partisippet enn det DP-en gjer på noko punkt i derivasjonen. Dette er vist i figur 13. Agr-prosjeksjonen, som altså inneholder dei uvaluerte kongruenstrekkene, har partisipp-prosjeksjonen som sitt komplement. Partisipp-prosjeksjonen har subjektet som sin spesifikator. Dette betyr at subjektet alltid vil stå strukturelt nærmere Agr-kjernen enn den postverbale DP-en. Sidan «der» ikkje har relevante trekk som kanvaluere trekka i Agr-kjernen, vil trekka fortsette å søke nedover i tree gjennom sonde-mål-mekanismen og finne den postverbale DP-en, noko som vil synleggjere seg gjennom morfologien til partisippet.



Til no ser systemet ut til å vere enkelt å rette seg etter: for dialekter som tillåt både «det» og «der» som formelt subjekt, og har synleg bøyingsmorphologi på partisippet, antar ein at der er ein Agr-projeksjon i syntaksen. Dette fører til at dersom ein bruker «det», vil partisippet kongruere med det formelle subjektet, og dersom ein bruker «der», kongruerer partisippet med den postverbale DP-en. Problemet er at både Åfarli (2013) og Aksnes (2003) peiker på avvik frå systemet i empirien. Døme på dette er setningane *Der blei stjåle ein bil* og *?Det blei stjålen ein bil*, som er henta frå Aksnes (2003:106).

Spørsmålet er korleis ein skal analysere setningar som har «det» som formelt subjekt, men likevel kongruens med den postverbale DP-en, eller setningar som har «der» som formelt subjekt, men er utan kongruens. I følge Åfarli (2013) skal slike setningar i prinsippet ikkje vere uforeinlege med den analysemodellen som har blitt skissert her. I kapittel 3.3 viser resultata frå mi eiga undersøking at setningar som ikkje følger hovudmønsteret også dukkar opp i herøydialekta, og i kapittel 4 skal eg drøfte kva slags endringar i analysemodellen desse setningane kan føre med seg.

3. Empiri og metode

I kapittel 3.1 gir eg ei oversikt over den empirien eg har bygd mi eiga undersøking på. Det finst lite konkret empiri frå herøydialekta, men det finst noko litteratur som er gjeldande for det dialektområdet Herøy hører til. Størsteparten av det materialet som finst er fleire tiår gamalt, men det kan likevel vere relevant å få ei viss innsikt i kva som har vore rekna som norm tidlegare. Kapittel 3.1.1 presenterer relevante og nyare resultat, henta frå databasen og korpuset som er tilgjengeleg via ScanDiaSyn. I kapittel 3.2 drøftar eg ulike metodologiske aspekt ved det å utforme og gjennomføre ei undersøking. Dei mest relevante resultata frå informantane i Herøy blir presentert i kapittel 3.3.

3.1 Tidlegare forsking

Sandøy (1988) har undersøkt ulike dialekter sine system for samsvarsbøyning av perfektum partisipp i predikativ posisjon. Dialektprøvene som Sandøy (1988) baserer sin artikkelen på, er hovudsakleg frå utfylte spørjelister frå 1981 og 1986, i tillegg til at han bruker materiale frå tidleg 1900-tal for å stadfeste eller avkrefte nokre av sine funn. Han presenterer eit «System 1» for adjektivisk samsvarsbøyning, som mellom anna gjeld Møre og Romsdal. Her meiner Sandøy (1988) å finne at for adjektiv på -en og for sterke partisipp i predikativ posisjon har ein fire opposisjonar: maskulinum singularis; femininum singularis; nøytrum singularis; og pluralis uavhengig av genus. Endingane er respektive -en, -a, -e og -ne, slik at vi får mönsteret skriven, skriva, skrive og skrivne (Sandøy 1988: 87). Følgande døme illustrerer dette:

- 13a) Artikkelen er skriven
- 13b) Boka er skriva
- 13c) Brevet er skrive
- 13d) Artiklane/bøkene/breva er skrivne

Som vi såg i kapittel 2.2 og 2.4 over, kan vi anta at ein har uvaluerte kongruenstrekk i partisippet berre når det er synleg i morfologien, noko dei fire ulike opposisjonane over (døme 13a-d) viser at det er. At datamaterialet er såpass gamalt, gjer det interessant å undersøke om hans «System 1» framleis er gjeldande i det aktuelle området, spesielt sidan Sandøy (1988: 102) poengterer

at det kan sjå ut til at eit system med inga samsvarsbøyning generelt ser ut til å ta over fleire stadar i landet.

Sandøy (1988) legg også fram korleis partisippkongruensen kan vise seg i ein presenteringskonstruksjon. Han presiserer at det føreset «vere» som hjelpeverb, og skriv at partisippet enten vil samsvare med det formelle subjektet, eller med det han kallar det «eigentlege» eller «potensielle» subjektet, altså den postverbale DP-en. Vidare skriv Sandøy (1988: 111) at spesielt på Vestlandet «er det nokså jamt med belegg på at partisippet samsvarer med det potensielle subjektet», men han vektlegg at dette området òg fell saman med det området som kan ha «der» som formelt subjekt. Sandøy (1988) går ikkje nærrare inn på nokon teori bak dette, men presenterer ei kort forklaring av fenomenet: «At ein ikkje har hatt eit formelt subjekt i nøytr., kan forklare historisk korfor samsvarbøyninga med det potensielle subjektet har halde seg så lenge» (Sandøy 1988: 111). Med andre ord koplar også Sandøy (1988) alternasjonen mellom «det» og «der» opp mot vekslande kongruens med det formelle subjektet og den postverbale DP-en. Sjølv om det ikkje er eksplisitt uttrykt, kan dette vere i samsvar med Åfarli (2013) sin analysemodell, som er skissert i kapittel 2.4.

Også andre studiar har undersøkt partisippkongruens i talemålet. Aksnes (2003) presenterer resultat frå stavangerdialekta i si hovudfagsoppgåve, *Konstruksjoner med formelt subjekt i stavangerdialekten*. Ho skildrar ei dialekt som kan nytte både «det» og «der» som formelt subjekt, samt både kongruerande og ikkje-kongruerande partisippformer. Vekslinga følger hypotesen om partisippkongruens til ei viss grad, men det vart funne nokre avvik. Informantane hennar var spesielt usikre på grammatikaliteten til setningar der «det» stod som formelt subjekt, men partisippet kongruerte med den postverbale DP-en, som i *Det blei stjålen ein bil* (Aksnes 2003: 106). Jamt over vart den ikkje-kongruerande partisippforma føretrekt framfor den kongruerande forma, og setningar som *Der blei stjåle ein bil* kunne bli vurderte som grammatikalske (Aksnes 2003: 106). Det kan altså tyde på at stavangerdialekta har eit vaklande system, noko som òg kan vise seg å vere tilfellet for herøydialekta. Det kan likevel nemnast at Christensen og Taraldsen (1989), som undersøkte partisippkongruens i stryndialekta, finn relativt klare og konsekvente mønster som stemmer overeins med hypotesen om partisippkongruens. Geografisk og dialektmessig ligg ikkje Herøy og Stryn så langt frå kvarandre, men materialet frå Christensen og Taraldsen (1989) er nærrare 30 år gammalt, og resultata har difor noko redusert relevans.

Ei anna hovudfagsoppgåve som er relevant, er *Setningar med der/her som formelt subjekt i norske målføre og nynorsk skriftspråk* av Dahl (1974). Gjennom målprøver og utfylte

spørjelister frå ulike stadar i landet undersøkte Dahl (1974) bruken av «der» og «her» som formelt subjekt, mellom anna i samband med passiv- og presenteringskonstruksjonen. Hovudsakleg er det presenteringskonstruksjonen som har flest døme, men også i passivsetningar finn han døme på «her» eller «der» som formelt subjekt, både i skriftlege og munnlege kjelder. Han skriv òg at han ikkje har gjort ei eiga frekvensundersøking for å samanlikne kor ofte «det» er brukt jamført med «her» eller «der», men at han antar at «det» blir brukt meir i passiv- enn i presenteringskonstruksjonen (Dahl 1974: 165). Dersom dette er tilfellet, kan ein moglegvis anta at samsvarsbøyning mellom perfektum partisipp og postverbal DP generelt kan bli oppfatta som noko meir unaturleg i passiv enn i presentering.

Når det gjeld presenteringskonstruksjonen, som er den setningstypen Dahl (1974) går mest inn på, viser han at det er verbet «vere» som absolutt har høgst frekvens ved bruk av «her» eller «der» som formelt subjekt. For meg er dette ein klar og nyttig indikasjon på at eg bør nytte «vere» som hjelpeverb når eg skal konstruere presenteringssetningar. Hovudverbet, som er ergativt (deler ikkje ut ekstern Theta-rolle), bør vidare vere slik at partisippforma er sterkt, altså at det endar på -e i nøytrum, singularis, som i nynorsk skriftspråk *det er skrive*, *det er frose* eller *det er bunde* (jf. kap. 2.2.1).

Dahl (1974: 15) peiker på at det jamt over er blitt forska lite på «der» eller «her» som formelt subjekt. Vidare skriv han at opplysningane frå ulik grammatisk litteratur gir belegg for å hevde at «der» og «her» «kan brukast i ein del målføre i allfall fleire stader på Sør- og Vestlandet» (Dahl 1974: 19). Han konkluderer sjølv med at bruken av «der» og «her» som formelt subjekt er eit typisk vestnorsk målmerke (Dahl 1974: 86). Når det gjeld Sunnmøre, som er det mest relevante dialektområdet i denne samanhengen, har Dahl (1974: 84) konkludert med at Sunnmøre ser ut til å ligge i eit grenseområde innanfor «her/der»-området. Bruken av «her/der» i dette området har lågare frekvens enn andre «her/der»-område, men samtidig hevdar Dahl (1974: 85) at bruken av «her/der» på Sunnmøre ikkje er uvanleg, sjølv om han kan sjå ut til å vere låg. Spesielt om Herøy skriv Dahl (1974: 85):

Somt kan tyde på at bruksfrekvensen for der/her generelt er noko høgre i kyststroka enn i indre strok. (...) Denne tendensen gjeld truleg ikkje på Sunnmøre, der dei fleste målføregrensene går i aust-vest retning. Med det kjennskap eg har til dialektane i Herøy (ytre Søre-Sunnmøre) og Volda (indre Søre Sunnmøre), kan eg vanskeleg sjå at det skulle vere nokon skilnad i bruk av der/her.

Han har òg med eitt enkelt døme frå lokalavisa i Herøy, Vestlandsnytt, der «der» er brukt som formelt subjekt: «... so der gjekk ikkje an å bygge skule» (Dahl 1974: 174 – Vestlandsnytt 16.02.1973). Det er ein føresetnad for mi undersøking at «der» kan nyttast som formelt subjekt i herøydialekta.

3.1.1 ScanDiaSyn

ScanDiaSyn består av både database og korpus, og er i dag tilgjengeleg via nett. Her kan ein finne talemålsprøver og spørjelister frå det nordiske dialektkontinuumet. Det finst resultat frå fire personar frå Herøy i *ScanDiaSyn*: ein yngre mann (01um), ei yngre kvinne (02uk), ein eldre mann (03gm) og ei eldre kvinne (04gk). Desse er registrerte både i korpuset og i databasen. Søket i *ScanDiaSyn* blei gjort som forarbeid til mi eiga undersøking, og målet var å finne ut om informantane nytta «der» som formelt subjekt, og å leite etter setningskonstruksjonar som kan vere med på å stadfeste eller avkrefte hypotesen om partisippkongruens.

I korpuset er talen transkribert både dialektnært og som standard bokmål, og der er lyd- og videofiler som høyrer til kvart segment. Her leita eg først og fremst etter bruken av «der» som formelt subjekt. I første omgang fann eg døme på dette berre hos dei eldre, og ingenting hos dei yngre. Det interessante var at då eg tok eit sok på «det» som formelt subjekt, såg eg at informantane sjølve nytta «der» (transkribert som «dær») og «her» (transkribert som «hær»). I standardtranskripsjonen var det derimot transkribert som «det», og difor kom det ikkje opp på det første søker. Slik fekk eg stadfesta at «der» faktisk blir brukt som formelt subjekt i herøydialekta. Døme 14a viser «dær» transkribert som «det» i ein utbrytingskonstruksjon:

14a) **Dialektnær transkripsjon:** Ja de e de # åke me e dær nåken så brukna i de hæile tatt?

14b) **Standardisert transkripsjon, bokmål:** Ja det er det ## ok men er det noen som bruker han i det heile tatt?

Databasen består av setningar som er rangerte frå 1 (ikkje akseptabel) til 5 (heilt akseptabel), slik eg sjølv valde å strukturere spørjeundersøkinga mi. Her var det nokre setningar som skilde seg ut som særskilt relevante. Desse er presenterte i tabell 1 under, saman med rangeringa som er gjort av dei ulike informantane.

Setningsnr.	Setning frå databasen i ScanDiaSyn	01um	02uk	03gm	04gk
1235	Der/det/her vart skotne mange elgar i fjar.	2	2	5	5
1236	Der/det/her vart skote mange elgar i fjar.	5	5	5	5
764	Radioen er revvinn ut då bilen [bila?].	5	5	5	5
765	Radioen er utrevvinn.	2	3	4	4
766	Radioen vart revvinn ut.	5	5	5	5
767	Radioen vart utrevvinn.	5	5	5	5

Tabell 1: Relevante setningar frå databasen i ScanDiaSyn og vurderingane gjort av informantane frå Herøy.

Setning nr. 764-767 har partisippforma «(ut)revvinn» av verbet «rive (ut)». Sidan dette er eit sterkt partisipp, er det ideelt for å undersøke om den aktuelle dialekta har kongruenstrekk i partisippa. Av vurderingane informantane har gjort, ser det ut til at dei synest setning 764, 766 og 767 er akseptable, men at setning 765 er litt mindre akseptabel. Setning nr. 1235 og 1236 er upersonleg perifrastisk passiv, og testar partisippkongruens. Slik setningane er presenterte i databasen, er det umogleg å bedømme om partisippkongruens er avhengig av det formelle subjektet, fordi både «der», «det» og «her» er sett opp som alternativ i ei og same setning. Basert på resultata frå ScanDiaSyn kan det sjå ut til at dei to eldre informantane synest den bøygde partisippforma «skotne» er OK, medan dei to yngre ikkje synest «skotne» høyrest særleg naturleg ut. I og med at resultata frå databasesøket er uklare, var det nødvendig å teste ut liknande konstruksjonar for å kartlegge forholdet mellom partisippkongruens og «det» og «der» som formelt subjekt i Herøy.

3.2 Metode

Som vi ser av kapittel 3.1 over, gir verken tidlegare litteratur eller ScanDiaSyn-søket grunnlag nok til å kunne presentere eit nokon lunde heilskapleg system for herøydialekta. Eg var difor avhengig av å utføre eigne undersøkingar for å ha eit tilstrekkeleg analysegrunnlag. Eg nytta både empirien presentert i kapittel 3.1 og eigen kjennskap til herøydialekta til å utforme eit spørjeskjema med nye testsetningar. Basert på empirien presentert i kapittel 3.1 kunne eg stadfeste at «det» og «der» nyttast som formelt subjekt i Herøy, og eg kunne ta utgangspunkt i Sandøy (1988) sitt «System 1» for adjektivisk samsvarsbøyning (jf. kap. 2.2). Basert på mellom anna Aksnes (2003) sine funn frå stavangerdialekta forventa eg delvis at informantane frå Herøy skulle vise teikn på eit vaklande eller redusert system for samsvarsbøyning av perfektum partisipp.

3.2.1 Val av metode

Det var i all hovudsak tre metodar eg såg på som aktuelle: *observasjon*, *intervju* og *spørjeskjema*. Fordelen med observasjon som metode er at ein får nokolunde naturleg tale, og dermed kanskje også dei mest autentiske resultata (Fangen 2005: 32). Ulempa med observasjon er at ein kan observere i timevis utan å få nokon relevante resultat, spesielt når det er snakk om såpass spesifikke setningskonstruksjonar som det var i mitt tilfelle. Dette vart stadfest av korpussøket i ScanDiaSyn, der det var lite å hente trass i at det fanst relativt mykje materiale.

Intervju og spørjeskjema var derimot langt meir aktuelle metodar, og eg enda opp med ein kombinasjon av dei to. Eg utforma eit skjema med setningar som informantane rangerte frå 1 (heilt uakseptabel/ugrammatikalsk) til 5 (heilt akseptabel/grammatikalsk), men var til stades under utfyllinga. Fordelen med å bruke spørjeskjema er at resultata er enklare å systematisere og samanlikne, og denne metoden er kvantitatativt mest effektiv fordi ein kan få inn svar frå fleire informantar utan at det blir meir tidkrevjande for forskaren (Sollid 2005: 90). Problemet er at det å bruke spørjeskjema åleine fører med seg ei stor feilkjelde, fordi du ikkje kan sikre deg at informanten fullt ut har forstått kva ein spør etter. For å i størst mogleg grad unngå denne feilkjelda, ønskte eg at utfyllinga av spørjeskjemaet skulle gå føre seg medan eg var til stades, og med éin og éin informant. På denne måten vart situasjonen meir intervjugprega, og eg hadde moglegheit til å klare opp eventuelle misforståingar og stille oppfølgingsspørsmål undervegs.

3.2.2 Val av informantar

Informantgruppa bestod av ei yngre og ei eldre aldersgruppe. Eg valde å bruke to aldersgrupper både fordi eg ønskte å danne eit relativt breitt analysegrunnlag trass i få informantar, og fordi det kan vere interessant å sjå om der er nokon klare generasjonsforskjellar. I den yngre gruppa sette eg 18-30 år som grense, og i den eldre gruppa sette eg 60-75. I tillegg var det eit kriterium at informantane meir eller mindre hadde budd i Herøy heile livet, og at minst éin av foreldra deira også var herøyværing. I teorien skal éin informant i kvar aldersgruppe vere nok for å kartlegge eit dialektsyntaktisk fenomen, men mellom anna sosioøkonomisk status, lokalgeografi og kjønn kan vere grunnar til at personar i same aldersgruppe vurderer eit fenomen ulikt (Mæhlum et al. 2008). Ideelt sett skulle ein difor ha hatt eit tosifra tal informantar i begge aldersgruppene, men det lét seg ikkje gjere innanfor rammene av dette mastergradsprosjektet.

Eg intervjuar tre informantar i den yngre gruppa, og to i den eldre. Begge kjønn var representerte i begge gruppene. Eg har valt å kategorisere dei unge som U1, U2 og U3, og dei eldre som G1 og G2. For å anonymisere informantane best mogleg blir det ikkje oppgitt kjønn til den enkelte informanten, og eg vil konsekvent nytte «han» som personleg pronomen ved referanse til informantane.

3.2.3 Utforming av testsetningar

Eg utforma eit skjema med testsetningar som informantane skulle rangere akseptabiliteten av. Som nemnt gjekk rangeringsskalaen frå 1 til 5, der 1 var «heilt uakseptabel» og 5 var «heilt akseptabel». Eg brukte ikkje lydskrift i spørjeskjemaet, og vil heller ikkje bruke det her i oppgåva, då det ikkje er relevant for resultatet. Det var viktig å utforme setningane slik at bøyingsmønsteret for partisippkongruens stod i fokus når informantane rangerte setningane. For å auke validiteten i undersøkinga valde eg høgfrekvente verb, unngikk lange setningar, brukte lokale stadnamn og skreiv på ein dialekt nærmest.

Dei verba som vart valde ut, var *skrive* og *skyte* for passiv, og *fare* og *kome* for presentering. Partisippformene til alle desse verba er sterke, og kan difor ha tydeleg adjektivisk samsvarsbøyning i talemålet. Det vart laga 18 setningar for kvart verb: seks setningar for maskulinum, singularis; seks for femininum, singularis; og seks for pluralis, uavhengig av genus. Totalt vart dette 72 setningar. Grunnen til at femininum, singularis vart tatt med, har å gjere med den minimale uttaleforskjellen på den ubøygde forma og maskulinumsforma av partisippa. I herøydialekta vil ein tradisjonelt ikkje uttale n-en i ord som i nynorsk skriftspråk endar på -en, som er tilfellet for alle partisippa i maskulinum, singularis: *skriven*, *skoten*, *faren*, *komen*. Sandøy (1988: 87) skildrar fenomenet som at den nasale palatalen eller dentalen dett bort, slik at berre vokalen står att. Han gir uttrykk for at den attståande vokalen er ein slags i-lyd, men i dag vil lyden ofte ligge nærmare ein trond e-lyd. Skiljet mellom den tronde e-en i maskulinum, singularis og den opnare e-en i den ubøygde forma kan vere vanskeleg å få fram. Difor var det nødvendig å ha med femininum, singularis òg, fordi femininumsendinga tradisjonelt sett er -a, og med det skil ho seg markant frå både den ubøygde forma og eintalsforma i maskulinum (jf. Sandøy (1988) sitt «System 1», kap. 3.1).

Den ubøygde forma av partisippa viste seg òg å vere noko problematisk. Alle partisippa har alternative former i ubøyd form, og fleire av dei er såpass vanlege at dei ikkje kunne utelataast frå spørjeskjemaet. Under har eg sett opp dei fire verba som vart nytta i undersøkinga saman

med dei ubøygde formene av partisippa om lag slik dei blir uttalte i Herøy. Alle partisippa som endar på -e har trykket på første staving, og den første vokalen i desse partisippa er lang.

15a) **Skrive:** skreve, skrift

15b) **Skyte:** skåte, skutt

15c) **Fare:** fere, fåre

15d) **Kome:** kåme, kåmt

Eg valde å utelate «skrift» heilt, fordi dette er ei form som gjerne blir assosiert med barnespråket. «Skutt», «fåre» og «kåmt» valde eg å inkludere. Mi oppfatting var at desse formene kan vere vel så vanlege som dei «opphavelege» formene, spesielt hos den yngre generasjonen. «Kåmt» skil seg ut ved at det i stor grad har tatt over for «kåme» som nøytrums- eller ubøygd form også hos dei eldre språkbrukarane. «Kåmt» blei difor presentert som hovudpartisippet i ubøygd form. Det som er vesentleg å merke seg med desse formene, er at «skrift», «skutt» og «kåmt» er svake partisippformer, og dei er difor generelt mindre eigna for testing av partisippkongruens (jf. kap. 2.2.1). At desse svake partisippformene er på veg inn i dialekta, kan vere ein indikasjon på at samsvarsbøyninga av perfektum partisipp er på veg ut.

Kwart partisipp var altså testa med trekka [gen m; num sg], [gen f; num sg] og [num pl]. Spørjeskjemaet vart difor delt inn i bolkar, med seks setningar i kvar bolk. Tabell 2 under viser setning 113-118, som til saman utgjer pluralis-bolken for passivverbet «skrive». Dei to første setningane i kvar bolk testa partisippkongruensen i den personlege setningsvarianten (setning 113 og 114 under), medan dei to neste testa den ubøygde forma i passiv- eller presenteringskonstruksjonen med «det» først og «der» etterpå (setning 115 og 116). Dei to siste setningane testa den bøygde partisippforma saman med «det» først og «der» etterpå (setning 117 og 118).

	1 -	2	3	4	5 +
113 Artiklane vart skreve om saka					
114 Artiklane vart skrevne om saka					
115 Det vart skreve fleire artikla om saka					
116 Der vart skreve fleire artikla om saka					
117 Det vart skrevne fleire artikla om saka					
118 Der vart skrevne fleire artikla om saka					

Tabell 2: Døme på bokførte spørsmål som informantane skulle fylle ut.¹⁴

3.2.4 Gjennomføring

To av intervjuene ble gjennomført i Trondheim i november og desember 2015, medan dei tre resterande intervjuene vart gjennomført i Herøy i desember 2015 og januar 2016. I forsking som involverer menneske er prinsippet om informert samtykke sentralt. Informert samtykke inneber at informantane på førehand får informasjon om formålet med undersøkinga, samt fordelar og ulemper ved å delta (Fangen 2005: 205). Alle informantane ble difor informerte om at dei kunne trekke seg når som helst utan å oppgi grunn, og fekk vite litt om måten datamaterialet skulle bli brukt. Samtykkeskjemaet som informantane skrev under på, ligg ved som *Vedlegg 1*. Undersøkinga tok mellom 60 og 90 minutt per informant, og alle valde å fylle ut heile skjemaet på ei enkelt økt. Informantane fekk moglegheit til å komme med utfyllende kommentarar dersom det var noko dei reagerte på eller la spesielt merke til ved nokon av setningane.

Informantane fekk vite temaet for undersøkinga før dei fylte ut spørjeskjemaet, men fekk ikkje vite kva slags mønster eg forventa å finne eller ikkje finne. Tjora (2010: 176) peiker på at mykje kunnskap om det aktuelle emnet er ein fordel for å kunne stille presise og nødvendige oppfølgingsspørsmål, men at ein òg kan ha med seg forventningar om eit gitt resultat som kan «smitte» over til informanten. Slik kan min kunnskap om både herøydialekta og om syntaks vere ein ressurs, men eg står òg i fare for å påverke informanten til å svare på ein viss måte, og med det redusere reliabiliteten til resultata. Som Kvale og Brinkmann (2009) peiker på, må ein i størst mogleg grad unngå leiande spørsmål som signaliserer kva som er riktig svar. Det vart difor viktig for meg å presisere at eg var ute etter den enkelte informanten si vurdering av setningane slik *dei* kjerner herøydialekta, og at eg ikkje var ute etter noko fasitsvar.

¹⁴ Det skjemaet informantane fylte ut såg ut slik som i tabell 2 over. Legg merke til at skjemaet for dei samla resultata i *Vedlegg 2* er sortert på same måte som resultata i ScanDiaSyn.

3.3 Resultat

I denne delen vil eg presentere funna frå mi eiga undersøking. Informantane sine rangeringar av setningane sprikar, men nokre tendensar kan likevel silast ut. Eg har framheva dei resultata som viser avvik frå eller stadfester hypotesen om partisippkongruens. Alle resultata ligg samla i *Vedlegg 2*, der ein òg kan sjå kva kvar enkelt informant har svart. Kapittel 3.3.1 presenterer dei mest relevante funna for setningane med DP-løfta subjekt, medan kapittel 3.3.2 og 3.3.3 presenterer funna for setningar med respektive «det» og «der» som formelt subjekt. Kapittel 3.4 oppsummerer resultata i korte trekk.

3.3.1 Setningar med DP-løfta subjekt

Ein vesentleg føresetnad for undersøkinga var å få klarheit i om Agr-projeksjonen i det heile tatt er til stades i setningar med perfektum partisipp i herøydialekta. Basert på min eigen kjennskap til herøydialekta var eg rimeleg sikker på at det systemet som Sandøy (1988) skildrar som «System 1» gjeld i Herøy, om enn i ei mindre fullstendig form. Dette var ein av hovudgrunnane til å ha med også den personlege varianten av testsetningane. Som nemnt over var det eit problem at maskulinumsformene og dei ubøygde formene er så like i uttalen, så dei mest pålitelege resultata kjem frå femininum og pluralis. Setning 126 *Kua vart skåta i stad*, 132 *Elgane vart skåtne i fårje veke*, 208 *Jenta e fera/fåra ut i Kvalsika* og 214 *Folka e ferne/fårne ut i Kvalsika* har alle fått høgste rangering av minst fire av informantane, og er difor ein indikasjon på at perfektum partisipp, som venta, har kongruensbøyning. Ein kan såleis anta at Agr-projeksjonen er til stades i herøydialekta.

På den andre sida finst det òg belegg for å seie at den ubøygde forma ikkje er heilt uvanleg i dei personlege setningane. Setning 213 *Folka e fere/fåre ut i Kvalsika* er rangert som heilt akseptabel av tre informantar, og setningane 225a *Boka e kåmt i bokhandele* og 231a *Gjestane e kåmt* er rangert som heilt akseptable av fire informantar. Setning 219a *Filme e kåmt på kino* er rangert som heilt akseptabel av alle informantane. Eg nemnde over at «kåmt» skilde seg ut fordi forma i stor grad har tatt over for den tradisjonelle forma «kåme». Det at «kåmt» er så frekvent, er eit teikn på at Agr-projeksjonen er fråverande eller svekka. Med tanke på at «kåmt» er eit svakt partisipp, er ikkje dette eit heilt uventa resultat. Alt i alt er det allereie her teikn på at informantane vaklar mellom kongruerande og ikkje-kongruerande partisippformer.

3.3.2 Setningar med «det» som formelt subjekt

For setningane med «det» som formelt subjekt, kjem det ganske klart fram at «det» saman med partisippform i nøytrum, singularis jamt over er noko høgare rangert enn «det» saman med partisipp som kongruerer med den postverbale DP-en. Dei tydelegaste resultata kjem frå setning 103 *Det vart skreve en avisartikkel i går*, 109 *Det vart skreve ei bok om det so sjedde*, 115 *Det vart skreve fleire artikla om saka*, 133a *Det vart skåte monge elga i fårje veke*, 203 *Det e fere/fåre en mann ut i Kvalsika* og 215 *Det e fere/fåre en del folk ut i Kvalsika*,¹⁵ som alle er rangerte som meir akseptable enn motstykket som kongruerer med den postverbale DP-en. At informantane reknar setningane over som svært akseptable, stemmer godt med hypotesen om partisippkongruens, sidan partisippet her kongruerer med trekka i DP-en «det». I tillegg er det flest passivsetningar som blir rangerte høgt med «det» som formelt subjekt, noko som kan stemme godt med det Dahl (1974, jf. kap. 3.1) skriv om bruken av «det» og «der» som formelt subjekt.

Det er likevel interessant å sjå at «det» pluss kongruens med postverbal DP nokre gongar er akseptert av informantane. Setning 129 *Det vart skåta ei ku i stad*, 211 *Det e fera/fåra ei jente ut i Kvalsika*, 229 *Det e kåma ei nye bok i bokhandele* og 235 *Det e kåmne nåkre gjesta* er alle rangert som heilt akseptable av to informantar. Her er det flest presentatingssetningar som blir rangert høgt. For setning 129 og 211 er det U2 og G2 som har rangert setningane som 5, for 229 og 235 er det G1 og G2. Informant G2, som er den eldste informanten, viser altså særleg tendens til å kunne ha kongruens med postverbal DP sjølv om setninga har «det» som subjekt. Dette avvik frå hypotesen om partisippkongruens.

3.3.3 Setningar med «der» som formelt subjekt

Setningane med «der» som formelt subjekt skal i teorien bli høgst rangerte dersom dei kongruerer med den postverbale DP-en. Dei setningane som stadfester hypotesen om partisippkongruens i størst grad er setning 118 *Der vart skrevne fleire artikla om saka*, 218 *Der e ferne/fårne en del folk ut i Kvalsika*, 230 *Der e kåma ei nye bok i bokhandele* og 236 *Der e kåmne nåkre gjesta*, sjølv om dei ikkje er einstemmig rangerte som heilt akseptable. Spesielt informant U2 kommenterte at han ikkje syntest «der» var særleg naturleg å bruke som formelt

¹⁵ Ei mogleg feilkjelde for setningane med «en del folk» i er at den postverbale DP-en «en del folk» kan bli tolka som maskulinum, singularis, og ikkje nøytrum, pluralis, på grunn av «en del». Dersom ein flyttar DP-en opp i subjektsposisjonen, ser ein klart at det ikkje er grammatikalsk med maskulinumsbøyning på partisippet: **En del folk e fere(n) ut i Kvalsika*.

subjekt, noko som kan forklare kvifor han generelt rangerer fleire «der»-setningar som mindre akseptable enn «det»-setningane.

Kva så med dei setningane som har «der» som formelt subjekt, men som likevel har den ubøygde forma i perfektum partisipp? Desse setningane finn vi spesielt i presenteringskonstruksjonen, noko som moglegvis kan ha bakgrunn i det lokativaspektet som gjerne er å finne i presenteringssetningar. Sidan ordet «der» også kan brukast som stadarverbial, er det ikkje heilt uvanleg å rekne med at det formelle subjektet «der» i ei eller anna form òg er knytt til lokativitet. Setning 204 *Der e fere/fåre en mann ut i Kvalsøya*, 210 *Der e fere/fåre ei jente ut i Kvalsøya*, 216 *Der e fere/fåre en del folk ut i Kvalsøya*, 222a *Der e kåmt en nye film på kino*, 228a *Der e kåmt ei nye bok i bokhandele* og 234a *Der e kåmt nåkre gjesta* er alle rangerte relativt høgt. Setning 216 skil seg ut ved å vere einstemmig rangert som heilt akseptabel. Det er påfallande at alle desse døma er presenteringssetningar. Ingen av passivsetningane hadde like tydelege tendensar, og det er vanskeleg å seie om det er sjølv det formelle subjektet «der» som er problemet her, eller om det er kongruensen. Dette kjem dessverre ikkje heilt klart fram i undersøkinga, fordi eg ikkje oppfatta problematikken medan undersøkinga vart utført. Uansett gir døma frå presenteringssetningane nok materiale til å kunne seie at setningar med det formelle subjektet «der», saman med den ubøygde forma av partisippet, kan bli aksepterte som grammatikalske setningar. Det kan vere grunn til å tru at Agr-prosjeksjonen ikkje er til stades i syntaksen i desse tilfella, og at det difor er den ubøygde partisippforma som blir brukt (homonym med n. sg., jf. kap. 2.4).

3.4 Oppsummering av empiri

Basert på empirien over, kan vi slå fast at herøydialekta i utgangspunktet er ei dialekt med kongruenstrekk (Agr-prosjeksjon) i perfektum partisipp. Som vist i kapittel 2.4, må dei uvaluerte kongruenstrekkene i Agr-kjernen valuerast i løpet av derivasjonen, og sidan herøydialekta ser ut til å kunne akseptere både «det» og «der» som formelt subjekt, skulle ein kunne anta at hypotesen om partisippkongruens er gjeldande. Problemet oppstår når ein observerer at setningar som 216 *Der e fere/fåre en del folk ut i Kvalsøya* og 229 *Det e kåma ei nye bok i bokhandele* blir rangert som heilt akseptable av fleire av informantane. Eg skal gå nærmare inn på korleis dette kan analyserast i neste kapittel.

4. Analyse

I denne delen skal eg analysere dei avvikande resultata som blei presentert i kapittel 3.3 over. Kapittel 4.1 tar føre seg analysen av setningar med «der» som formelt subjekt, men som ikkje kongruerer med den postverbale DP-en. Kapittel 4.2 presenterer problematikken med setningar som har «det» som formelt subjekt, og likevel kongruerer med den postverbale DP-en. I kapittel 4.2.1, 4.2.2 og 4.2.3 presenterer eg tre alternative analysar av «det»-setningane. I kapittel 4.3 stiller eg spørsmål ved kva slags tendensar til språkendring ein kan sjå ut ifrå undersøkinga og analysen.


4.1 Analyse av setningar med «der» og ubøygd partisipp

Eg har tatt utgangspunkt i at herøydialekta er markert for partisippkongruens, fordi det er synleg partisippkongruens i morfologien. Dette medfører at ein kan anta ein eksisterande Agr-projeksjon i den syntaktiske strukturen. For setningar som 216 *Der e fere/fåre en del folk ut i Kvalsika*, som har «der» som formelt subjekt, men er utan partisippkongruens, må ein kunne anta at Agr-projeksjonen nettopp ikkje er til stades i syntaksen. Vi kan vise kvifor Agr-projeksjonen ikkje er til stades gjennom å analysere setning 216 både med og utan Agr-projeksjonen.


Figur 14 under viser korleis setning 216 vert analysert dersom vi reknar med at Agr-projeksjonen er med. Problemet med denne analysen er, som vi kan sjå i trestrukturen, at «fere» ser ut til å ha trekka nøytrum, singularis utan å ha nokon stad å få desse trekka frå (markert med [?] i trekkmatrisen). Basert på den analysen eg presenterte i teorikapittelet, skal dei uvaluerte trekka i Agr-kjernen søke nedover i treet gjennom sonde-mål-mekanismen. Her vil dei først gå til subjektsplassen, og møte «der», som ikkje har relevante trekk, og som difor ikkje kan valuere trekka i Agr-kjernen. Vidare kan dei uvaluerte trekka søke lenger nedover i treet, til neste DP, som er «en del folk», og få trekk herifrå. Ut i frå dette, skulle Agr-trekka ha blitt valuerte som [gen n; num pl], og ikkje som [gen n; num sg], slik tilfellet er for «fere».

Dette kan verke vanskeleg å løyse, men som nemnt kan ein anta at Agr-projeksjonen i desse tilfella ikkje er til stades i syntaksen. Figur 15 viser analysen utan Agr-projeksjonen. Når ein ikkje har kongruens i partisippet, er det den ubøygde partisippforma som er «default»-forma (jf. kap. 2.4). Den ubøygde partisippforma er historisk-etymologisk lik forma i nøytrum, singularis, men er ikkje markert for kongruenstrekk. Som vi kan sjå av strukturen i figur 15, vil

det vere slik at når der ikkje er ein Agr-projeksjon med uvaluerte trekk som må bli valuerte, er det heller ikkje kongruens i partisippet i det heile. Den ubøygde partisippforma blir altså ståande uavhengig av genus og numerus i både subjektet og den postverbale DP-en.




Reint teoretisk er altså ikkje setningane med «der» pluss ubøyd partisippform vanskelege å forklare. Det ein kan legge merke til, er at informantane – som alle godkjende setning 216 over som heilt akseptabel – også godtok setningar som hadde «der» og kongruens med den postverbale DP-en. I setningar der partisippet kongruerer med den postverbale DP-en, er det evidens for at Agr-projeksjonen er til stades i den syntaktiske strukturen. Ut ifrå det informantane oppgir, kan det sjå ut til at dei vekslar mellom å ha og å ikkje ha Agr-projeksjonen frå ei setning til ei anna, sjølv om setningane i teorien har den same syntaktiske strukturen. Den same analysen gjeld for dei setningane med DP-løfta subjekt som ikkje har bøyingsmorphologi på partisippet, som setning 219 *Filme e kåmt på kino*. Dette er eit teikn på at kongruenssystemet for perfektum partisipp er ustabilt.



Figur 15

4.2 Analyse av setningar med «det» og partisipp som kongruerer med postverbal DP

I kapittel 3.3 såg vi døme på at nokre setningar med «det» som formelt subjekt og partisippkongruens med den postverbale DP-en blei vurderte som heilt akseptable. Dette er ikke predikert i hypotesen om partisippkongruens. Setning 229 *Det e kåma ei nye bok i bokhandele* kan nyttast som døme for analysen. Partisippforma «kåma» har tydeleg kongruens i morfologien (-a-ending) og vi må difor anta at Agr-projeksjonen er til stades i syntaksen. Dette betyr at «kåma» har fått sine uvaluerte trekk valuert av den postverbale DP-en «ei nye bok». Trestrukturen i figur 16 viser ein mogleg analyse, der trekka i Agr-kjernen har søkt til den postverbale DP-en for å bli valuerte, og dermed «hoppa over» første moglegheit til å bli valuert.



Hovudproblemet med denne analysen er kvar «kåma» hentar trekka sine frå. Åfarli (2013) kommenterer at subjektet står syntaktisk nærmere partisippet enn det den postverbale DP-en gjer, og vi har all grunn til å anta at sonde-mål-mekanismen verkar heilt mekanisk, slik at trekka i Agr-kjernen systematisk arbeider seg nedover i det syntaktiske treet for å bli evaluerte. Første moglegheit til å bli evaluert er i $\langle \text{spes}, \text{PrP} \rangle$, som er subjektsplassen. I setning 229 *Det e*

kåma ei nye bok i bokhandele er subjektet «*det*», og har trekka [gen n; num sg]. Difor skulle ein tru at partisippforma «*kåma*» ikkje vart godtatt av informantane, fordi partisippet skal få trekka sine frå «*det*», og dermed bli «*kåmt*» eller «*kåme*». Spørsmålet blir då 1) kvifor denne setninga blir vurdert som grammatikalsk og 2) korleis den kan analyserast.

Åfarli (2013) er så vidt borti problemstillinga i sin artikkel, og skriv:

Notice that some dialects of Norwegian may also allow postverbal agreement even when *det* is the expletive subject, which is a possible parametric option that has to be investigated further both empirically and theoretically. Still, this parametric possibility (sic!) is not in principle incompatible with the analysis proposed here.

I følgje Åfarli (2013) er det altså mogleg å analysere denne typen setningar utan å måtte revurdere heile analysemodellen som vi no har lagt til grunn. Det er òg ei parametrisk moglegheit at slike setningar blir vurderte som grammatikalske i ei gitt dialekt. Informantane frå Herøy har til ei viss grad stadfesta hypotesen om partisippkongruens, mellom anna fordi setningar av typen «*det*» ilag med partisippkongruens jamt over blir lågt rangerte. Dei av desse setningane som er rangerte høgt, er altså unntak frå hovudregelen, og kan difor vere eit teikn på at heile systemet med «*det*»/«*der*» og partisippkongruens er i ferd med å løysast opp. Éi moglegheit er at i møte med så mange setningar som skal rangerast på så kort tid, kan informantane rett og slett ha «bomma» på vurderingane sine. Sidan det er fleire enn éin informant som har godtatt dei aktuelle setningane, og sidan same informant har godtatt fleire

slike setningar, vil eg ikkje gå ut ifrå at feilvurdering er tilfellet. Det er mest nærliggande å anta at dette, i likskap med det vi såg når det gjaldt setningane med «der» utan partisippkongruens, er eit teikn på at systemet er ustabilt eller vekslande.

Trekka i Agr-kjernen har all grunn til å kongruere med subjektet «det» i $\langle \text{spes}, \text{PrP} \rangle$, men kongruerer altså med den postverbale DP-en. Vidare vil eg drøfte tre moglege syntaktiske analysar av dette observerbare fenomenet:

- 1: «Det» er, i likskap med «der», utan relevante inherente trekk
- 2: Agr-projeksjonen blir heller plassert mellom VP og PrP
- 3: Subjektet blir generert i $\langle \text{spes}, \text{AgrP} \rangle$, ikkje i $\langle \text{spes}, \text{PrP} \rangle$

4.2.1 Det formelle subjektet «det» er utan relevante inherente trekk


Det første løysingsforslaget handlar om særtrekket til DP-en «det». Som nemnt tidlegare er «det» semantisk tomt, og treng til dømes ikkje Theta-rolle for å bli lisensiert i syntaksen. I tillegg har eg vore inne på at partisippforma nøytrum, singularis er homonym med den ubøygde partisippforma. Kanskje kan det formelle subjektet «det», i likskap med det formelle subjektet «der», vere utan inherente trekk, men vere homonym med den referensielle DP-en «det»?

Sjølv om dette er ein interessant tanke, er han lite sannsynleg. I nokre dialekter ser ein ut til å kunne velje fritt mellom «det» og «der» som formelt subjekt, som i *Det regnar* og *Der regnar*.¹⁶ Men idet eit kongruerande element skal inn i strukturen, er det tradisjonelt ganske strikt distribusjon av dei to elementa, og ein kan difor anta at «det» har trekk også når det står som formelt subjekt. Ein kan òg samanlikne «det» og «der» med «it» og «there» på engelsk. Dersom ein set trekkeigenskapane til «det/it» og «der/there» på prøve, viser det seg at det er ulikskap i trekkspesifikasjonen. Argumentasjonen er mogleg, men eigentleg sirkulær, fordi kriteriet for å postulere at «det» er utan bøyningstrekk vil vere det som skal forklarast, nemleg kongruenstilhøva. Stipulasjonen om manglande bøyningstrekk for «det» er såleis ikkje uavhengig motivert, og å opne for at «det» i nokre tilfelle likevel ikkje er inherent valuert med dei relevante trekka, manglar forklaringskraft.

¹⁶ Sjå til dømes Dahl (1974: 15-18) for andre døme.

4.2.2 Agr-projeksjonen kjem før PrP

Ei anna mogleg løysing kan vere at Agr-projeksjonen er plassert før Pr-projeksjonen, altså at Agr står mellom V- og Pr-domenet i staden for Pr- og Vaux-domenet. Figur 17 viser korleis ein slik analyse vil bli sjåande ut. Pilene signaliserer flyttinga som skjer etter at trekka har blitt valuerte. DP-en «ei nye bok» er flytta opp ein posisjon fordi subjektsposisjonane må fyllast (jf. kap. 2.2).




Som vi kan sjå, vil då det formelle subjektet plasserast i $\langle \text{spes}, \text{PrP} \rangle$, same posisjon som før. Partisippet vil flytte opp til Pr-kjernen, via Agr-kjernen, der trekka som vanleg blir valuerte. Fordi PrP er plassert over AgrP, vil det ikkje vere ei moglegheit for trekka i Agr-kjernen å søke seg til $\langle \text{spes}, \text{Pr} \rangle$ for å bli valuerte, og første moglege DP er den postverbale DP-en «ei nye bok», uavhengig av om denne har flytta til $\langle \text{spes}, \text{AgrP} \rangle$ eller ikkje. Dersom denne analysen stemmer, er prediksjonen at partisippet får trekka [gen f; num sg] utan å bli rekna som ugrammatikalsk.

Ein kan anta at bøyingsprojeksjonar som AgrP ligg utanfor sjølve proposisjonen, altså utanfor PrP og VP (Chomsky 1986: 169). Å anta ein syntaktisk struktur som splittar opp proposisjonsdomenet er radikalt, spesielt sidan det elles finst uavhengig motivasjon for at AgrP har denne posisjonen i representasjonen (Belletti 2001: 491). Analysen er mogleg, men som vi skal sjå i kapittel 4.2.3 under, er det grunn til å tru at det finst ein annan, mindre radikal analyse av fenomenet.


4.2.3 Det formelle subjektet «det» blir ikkje generert i <spes, PrP>

Det kan vere ei moglegheit at det formelle subjektet ikkje alltid er generert i <spes, PrP>. I min analyse har eg tatt utgangspunkt i at sonde-mål-mekanismen alltid søker mekanisk nedover i treeet, og alltid til det første som kan valuerere trekka. Når subjektet «det» står i <spes, PrP>, og dette er første moglege posisjon for å få valuerert trekka i Agr-kjernen, kan det vere ei mogleg løysing å hevde at subjektet blir generert utanfor <spes, PrP>. På den måten vil ikkje trekka i Agr-kjernen «hoppe over» subjektet, og den postverbale DP-en blir første moglegheit for å få trekka valuerete. Dette er vist i figur 18.



Eit alternativ til at subjektet blir generert i $\langle \text{spes}, \text{PrP} \rangle$, er at det i nokre tilfelle blir generert i $\langle \text{spes}, \text{AgrP} \rangle$ i staden. På den måten blir sjølve trestrukturen ståande som han er, og den postverbale DP-en kan flytte opp i $\langle \text{spes}, \text{PrP} \rangle$. Då går trekksvalueringa som den skal, som vist i figur 18.

Dette kan samanliknast med upersonleg passiv-konstruksjonar i engelsk, som *There was a man shot*. Upersonleg passiv er sjeldan i engelsk, men figur 19 viser at DP-en «a man» må ha flytta opp til $\langle \text{spes}, \text{PrP} \rangle$ for at «there» skal kunne stå som formelt subjekt. Setninga **There was shot a man* er ugrammatikalsk. Tilsvarande norske setningar som *Det ble ingen bøker kjøpt* kan også analyserast med utgangspunkt i at det formelle subjektet er generert utanfor PrP.¹⁷ At formelle



subjekt kan genererast utanfor PrP er såleis uavhengig motivert, i motsetnad til dei alternative analysane i kapittel 4.2.1 og 4.2.2. Alle subjektsposisjonane i strukturen blir fylt, fordi den postverbale DP-en fyller $\langle \text{spes}, \text{PrP} \rangle$ etter flytting, medan det formelle subjektet systematisk fyller alle subjektsposisjonane frå og med $\langle \text{spes}, \text{AgrP} \rangle$ og oppover. I og med at den postverbale DP-en fyller den kanoniske subjektsposisjonen i $\langle \text{spes}, \text{PrP} \rangle$, blir også proposisjonen oppretthalden.

For å styrke denne analysemodellen, kan ein sjekke om Theta-kriteriet og Kasusfilteret fungerer (jf. kap. 1.3.1). Theta-kriteriet seier at eit argument skal ha ei og berre ei Theta-rolle, og ei Theta-rolle skal tilordnast eitt og berre eitt argument. Den postverbale DP-en får intern Theta-rolle frå hovudverbet når han står i $\langle \text{komp}, \text{VP} \rangle$, og blir lisensiert her. Sidan verken ergative verb eller passivverb deler ut ekstern Theta-rolle, kan den postverbale DP-en løftast til $\langle \text{spes}, \text{PrP} \rangle$ utan problem, akkurat som ved vanleg DP-løfting (jf. kap. 2.1). Formelle subjekt er kjenneteikna av å ikkje ha ekstern Theta-rolle, ulikt andre subjekt. Det er difor ikkje viktig at formelle subjekt blir genererte i ein posisjon som gjer at dei potensielt kan ta imot ekstern Theta-rolle (altså i $\langle \text{spes}, \text{PrP} \rangle$). Kasusfilteret seier at ein fonetisk eller grafisk realisert DP må ha Kasus. Det betyr at både DP-en «det» og den postverbale DP-en må bli tilordna Kasus i løpet

¹⁷ Flyttinga av den postverbale DP-en i *Det ble ingen bøker kjøpt* kan settast opp slik: *Det ble [ingen bøker]_n kjøpt [t]_n*. Liknande setningar finst i Christensen (1991).

av derivasjonen. V-kjernen deler ut akkusativ Kasus til den postverbale DP-en før han flyttar opp til <spes, PrP> (Åfarli og Eide 2003: 112). I og med at DP-en aldri flyttar lenger opp enn <spes, PrP>, vil det formelle subjektet «det» framleis få sin nominative Kasus frå T_{<+FIN>} når det flyttar oppover i strukturen.

4.3 Språkendring?

Eg har ved fleire høve nemnt at dei vaklande resultata kan vere eit teikn på at systemet for partisippkongruens i herøydialekta er i ferd med å endre seg. Men kan ein eigentleg seie noko om dialektendring, som jo òg inneber syntaktisk endring, når ein berre har undersøkt dialekta på eitt tidspunkt?

Eit omgrep som kan kaste lys over er denne problematikken, er *The apparent time hypothesis*. Van Herk (2012: 61) gir denne definisjonen: «If young people use a particular form more often than old people do, that's likely to be the form that is increasing in use across the community». Sjølv om ikkje generasjonsforskellar har vore i fokus i mi oppgåve, har eg likevel moglegheit til å peike på nokre relevante forskellar hos informantane frå Herøy. Den yngre generasjonen nyttar til dømes ubøygde partisippformer i større grad enn det dei eldre gjer. Dette viser igjen i resultata frå mi undersøking, men visast òg i ScanDiaSyn-resultata som blei presenterte i kapittel 3.1.1. I det følgjande tar eg føre meg korleis «kåmt» kan vere eit konkret døme som kan underbygge *The apparent time hypothesis*.

I kapittel 3.2.3 nemnde eg at partisippforma til verbet «kome» stod i ei særstilling, fordi den svake partisippforma «kåmt» i stor grad har tatt over for det eldre sterke partisippet «kåme». Då eg spurte informantane om kva dei nytta som ubøygd partisippform, var dei tre yngre informantane klare på at «kåme» var heilt uaktuelt. Dei to eldre var derimot opne for at «kåme» kunne bli brukt, men meinte likevel at det ikkje var noko i vegen for å nytte «kåmt» som ubøygd form. Informant G2 sa sjølv at han var overraska over at han «godtok kåmt sopass ofte», og at «det va kanskje litt for gale, men slik e det visst blitt». Informant U2 var den av dei yngre informantane som brukte færrast bøygde partisippformer, og for U2 var overraskinga størst dei gongane han oppdaga at han føretrekte bøygd partisippform framfor ubøygd form. Dette gjaldt til dømes setning 129 *Det vart skåta ei ku i stad*, der informant U2 ytra at han «kunne visst seie skåta også, ja, oi!».

Det ser altså ut til at dei yngre dialektbrukarane i større grad aksepterer og nyttar ubøygde former av perfektum partisipp enn det dei eldre gjer. Ut ifrå *The apparent time hypothesis* skulle ein difor kunne vente ein auke i bruken av partisippforma «kåmt». Overført til bruken av «skutt», som òg er hyppigast hos dei yngre, kan ein forvente at også dét partisippet på sikt kan ta over for det tradisjonelle «skåte». Med andre ord er tendensen at svake og ubøygde partisippformer er i ferd med å ta over for sterke og bøygde. Ein konsekvens av dette kan vere svekking av heile bøyningssystemet for perfektum partisipp.

Eit alternativ til *The apparent time hypothesis*-tilnærminga, er det ein kan kalle *stable variation*. Aksnes (2003: 109) poengterer at nytt og gammalt kan eksistere side om side over lang tid. Dette kan kallast *stable variation*, og inneber at «multiple variants survive for a long period, without one replacing the other» (Van Herk 2012: 69). Det er til dømes interessant å sjå at informant G2, som er den eldste informanten, er blant dei som i størst grad viser teikn på vakling mellom systema. Andre fenomen, som det gamle dativsystemet i fleire norske dialekter, er eit typisk døme på at to system kan vere i bruk samtidig i eit språksamfunn; eitt system med dativ, som er mest brukt blant dei eldre, og eitt utan eller med redusert bruk av dativ som er vanlegare blant dei yngre (Mæhlum og Røyneland 2012: 50). Basert på dei varierande resultata fra informantane og at subjektet blir generert på ulike stadar i den syntaktiske strukturen, meiner eg det kan vere ei rimeleg tolking å plassere herøydialekta i ein *stable variation*-fase. Kanskje treng det ikkje å vere heilt enten/eller mellom *The apparent time hypothesis* og *stable variation* heller.

Syntaktikaren Kroch (2001) poengterer at ein kan forklare observerbare endringar i eit språk gjennom syntaktisk analyse. Han bruker omgrepene *competing grammars*, som nettopp handlar om at ulike strukturelle mønster kan vere aktive samtidig over ein periode, og skriv:

When surface forms change, the new usage reflects a change in the underlying grammar that licenses the forms; and incremental linguistic change seems often to reflect competition among alternative licensing principles for entire grammatical subsystems. (Kroch 2001: 61)

Ei observerbar endring hos informantane er at dei vekslar mellom å ha eller ikkje ha kongruens med den postverbale DP-en i setningar med «det» som formelt subjekt. Analysen i kapittel 4.2.3 impliserer at informantane har tilgang til to ulike syntaktiske strukturar i sin interne grammatikk. I den eine strukturen blir det formelle subjektet generert i <spes, PrP>, og dette ser ut til å vere den dominante strukturen. Det er også den strukturen som er predikert i

hypotesen om partisippkongruens. Alternativt kan subjektet bli generert i <spes, AgrP>. Informantane vekslar også mellom å bruke dei ubøygde og dei bøygde formene av partisippa. I syntaksen blir dette representert som ein vekslande førekommst av Agr-projeksjonen, og er eit anna døme på *competing grammars*. Dei ulike strukturane konkurrerer mot kvarandre, noko som viser igjen i det faktum at informantane vekslar tilsynelatande tilfeldig mellom dei.

5. Konklusjon

Som nemnt i innleiinga, er ikkje formålet med dialektsyntaxen å finne avvik frå skriftspråket, men å undersøke den underliggende strukturen i kvar enkelt dialekt. Eg har undersøkt mønsteret for partisippkongruens i herøydialekta. Fenomenet er undersøkt i passiv- og presenteringssetningar med «det» eller «der» som formelt subjekt, gjennom testsetningar som er rangerte frå «heilt uakseptabel» til «heilt akseptabel» av fem informantar frå Herøy. Utgangshypotesen var at perfektum partisipp kongruerer med «det» når «det» er formelt subjekt, men med den postverbale DP-en når «der» er formelt subjekt. Prediksjonen var såleis at informantane skulle rangere setningar som *Det vart skote ei ku* og *Der vart skota ei ku* som akseptable, medan setningar som **Det vart skota ei ku* og **Der vart skote ei ku* burde bli rangerte som uakseptable.

Det første forskingsspørsmålet eg stilte, var om datamaterialet frå herøydialekta samsvarer med hypotesen om partisippkongruens. I kapittel 3.3 presenterte eg resultat frå informantundersøkinga som både stadfesta og svekka hypotesen om partisippkongruens. Setning 133a *Det vart skåte mange elga i fárje veke* og 236 *Der e kåmne nåkre gjesta* er døme på setningar som stadfester hypotesen. Samtidig vart både setning 229 *Det e kåma ei nye bok i bokhandele* og setning 216 *Der e fere/fåre en del folk ut i Kvalsika* rangerte som akseptable av fleire av informantane. I og med at setning 229 og 216 vart rangerte som akseptable, bør analysemodellen kunne reflektere den underliggende strukturen også for desse setningane. Dette fører oss over til det andre forskingsspørsmålet: korleis kan avvik frå hypotesen om partisippkongruens analyserast?

For dei setningane som har «der» som formelt subjekt, men ikkje partisippkongruens, seier analysen min at der ikkje er Agr-projeksjon i syntaksen. Det vil seie at det ikkje er nøytrum, singularis av partisippet som blir brukt, men den ubøygde forma. Den ubøygde forma kan forvekslast med partisippforma i nøytrum, singularis, fordi formene er historisk-etymologisk samanfallande. Sidan der ikkje er ein Agr-projeksjon, er det heller ingen uvaluerte trekk som må valuerast i løpet av derivasjonen.

For dei setningane som har «det» som formelt subjekt, men også partisippkongruens, seier analysen min at subjektet ikkje blir generert i den kanoniske subjektsposisjonen <spes, PrP>. Fordi det er synleg bøyingsmorphologi på partisippet, må ein anta at Agr-projeksjonen er til stades i språkbrukarane sin interne grammatikk. I desse setningane blir subjektet generert i <spes, AgrP>, slik at den postverbale DP-en blir første moglegheit til å valuere trekka i Agrkjernen. Den postverbale DP-en blir så flytta frå sin kanoniske posisjon i <komp, VP> til <spes,

PrP>, for å fylle den tomme subjektsposisjonen. Slik unngår ein radikale endringar i den opphavelege analysemodellen, og samtidig forklarer ein korleis setningar som *Det e kåma ei nye bok i bokhandele* kan bli vurderte som grammatikalske.

Det er med andre ord to variasjonselement i den interne grammatikken til språkbrukarane. For det første vekslar informantane mellom å ha og å ikkje ha Agr-projeksjon. Denne vekslingu kjem til uttrykk gjennom bøyingsmorphologien på partisippet. For det andre vekslar informantane mellom å generere det formelle subjektet i <spes, PrP> og <spes, AgrP>. Som vist i kapittel 4.2, finst det uavhengig motivasjon for denne analysen. Mellom anna blir strukturen til den engelske setninga *There was a man shot* også analysert med det formelle subjektet «there» generert utanfor PrP. Det formelle subjektet kan likevel ikkje bli generert i kva som helst slags subjektsposisjon, men alltid i den første ledige posisjonen i strukturen. I *Vedlegg 3* er dei fullstendig deriverte strukturane av dei relevante setningstypane vist. Strukturane representerer den interne grammatikken til språkbrukarane, og er såleis dei strukturelle korrelata til den observerbare grammatikken.

Det er vanskeleg å seie noko sikkert om korleis systemet for partisippkongruens i herøydialekta kjem til å utvikle seg i åra framover. I denne oppgåva har partisippkongruensen blitt undersøkt i predikativ posisjon, og systemet kan sjå ut til å stå i ei utsett stilling, spesielt blant dei yngre språkbrukarane. Fleire empiriske undersøkingar kan gjerast i framtida, både i herøydialekta og i andre dialekter, for å styrke eller svekke min analyse. Det kan også vere interessant å undersøke kva slags faktorar som bidrar til å senke eller framkunde eventuelle endringar, og dermed prøve å spå korleis systemet for partisippkongruens kjem til å uttrykk i herøydialekta nokre tiår fram i tid.

6. Litteraturliste

- Aksnes, M. (2003). *Konstruksjoner med formelt subjekt i stavangerdialekten*. Hovedfagsoppgave i nordisk språkvitenskap, NTNU.
- Belletti, A. (2001). «(Past) Participle Agreement» i M. Everaert og H. van Riemsdijk (red.) *The Blackwell Companion to Syntax. Volume III*. Malden, MA: Blackwell Publishing.
- Borer, H. (2003). «Exo-skeletal vs. Endo-skeletal explanations: Syntactic Projections and the lexicon» i M. Polinsky og J. Moore (red.) *The Nature of explanation in linguistic theory*. Stanford, Calif: CSLI Publications.
- Borer, H. (2005). *Structuring Sense, Volume I: In Name Only*. New York: Oxford University Press.
- Bowers, J. (1993). «The Syntax of Predication», *Linguistic Inquiry* 24: 591-656.
- Chomsky, N. (1982). *Some Concepts and Consequences of the Theory of Government and Binding*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Chomsky, N. (1986). *Knowledge of language. Its nature, origin and use*. New York: Praeger.
- Christensen, K. K. (1991). «Skandinaviske presenteringssetninger i GB-teoretisk perspektiv», *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*. Årgang 9, Hefte 1: 21-49. Oslo: Novus forlag.
- Christensen, K. K. og K. T. Taraldsen (1989). «Expletive chain formation and past participle agreement in Scandinavian dialects» i P. Benincà (red.) *Dialect Variation in the Theory of Grammar*. Dordrecht: Foris.
- Corbett, G. G. (2012). *Features*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Dahl, T. (1974). *Setningar med der/her som formelt subjekt i norske målføre og nynorsk skriftspråk*. Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Oslo.
- Faarlund, J. T., S. Lie og K. I. Vannebo (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fangen, K. (2005). *Deltagande observation*. Malmö: Liber AB.
- Groat, E. M. (1995). «English Expletives: A Minimalist Approach», *Linguistic Inquiry* 26: 354-365.
- Johannessen, J. B., J. Priestley, K. Hagen, T. A. Åfarli og Ø. A. Vangsnes (2009). «The Nordic Dialect Corpus – an Advanced Research Tool» i K. Jokinen og E. Bick (red.) *Proceedings of the 17th Nordic Conference of Computational Linguistics NODALIDA 2009. NEALT Proceedings Series, Volume 4*. (ScanDiaSyn-korpus)

- Kroch, A. (2001). *Studies in general linguistics: selected papers by Anthony Kroch*. Beijing: Beijing yu yan wen hua da xue chu ban she (Beijing Language and Culture University Publishing)
- Kulbrandstad, L. A. (2005). *Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kvale, S. og S. Brinkmann (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Lindstad, A. M., A. Nøklestad, J. B. Johannessen og Ø. A. Vangsnes (2009). «The Nordic Dialect Database: Mapping Microsyntactic Variation in the Scandinavian Languages» i K. Jokinen og E. Bick (red.) *NEALT Proceedings Series, Volume 4*. (ScanDiaSyn-database)
- Mæhlum, B., G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy (2008). *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistikk*. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Mæhlum, B. og U. Røyneland (2012). *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Riksem, B. R. (2013). *Syntaks og ortografi: Nye rammer for språknormering*. NTNU: Trondheim
- Sandøy, H. (1988). «Samsvarbøyning av adjektiv og perfektum partisipp i norske dialektar» i A. Bjørkum og A. Borg (red.) *Nordiske studiar. Innlegg på den tredje nordiske dialektologkonferansen 1986*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sollid, H. (2005). *Språkdannelsen og -stabilisering i møtet mellom kvensk og norsk*. Oslo: Novus forlag.
- Svendsen, M. (1931). *Syntaksen i Stavanger bymål*. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Tjora, A. H. (2010). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Van Herk, G. (2012). *What Is Sociolinguistics?* Hoboken: Wiley.
- Åfarli, T. A. (2013). «Agreement is not an essential ingredient of finiteness: Evidence from impersonal sentences in Norwegian dialects and English». Ms. NTNU: Trondheim.
- Åfarli, T. A. og K. M. Eide (2003). *Norsk generativ syntaks*. Oslo: Novus forlag.

Vedlegg 1

Samtykkeskjema og informasjon om undersøkinga.

NTNU 24.11.2015

Masterstudent: Ingvil Håberg Velle

Rettleiar: Tor A. Åfarli

Informant:

Informanten har sagt seg villig til å bli intervjuet i samband med studenten si masteroppgåve ved Institutt for språk og litteratur, Det humanistiske fakultet, NTNU. Informanten kan til ei kvar tid, og utan å oppgi grunn, trekke seg frå intervjuet. Det vil ikkje bli tatt video- eller lydopptak i samband med intervjuet, og all data vil bli anonymisert. Fram til masteroppgåva er ferdig (vår 2016) vil studenten av praktiske årsaker lagre datamateriale og kontaktinformasjon for kvar enkelt informant.

Dato

Stad

Signatur

Innleiing

I dette intervjuet vil du bli bedt om å vurdere akseptabiliteten til eit sett med setningar. Dette blir gjort gjennom å rangere setningane på ein skala frå 1 til 5, der 1 er heilt uakseptabel og 5 er heilt akseptabel. Det finst ikkje nokon fasit, poenget er nettopp å finne ut korleis brukarar av Herøy-dialekta vurderer setningane. Setningane er delte inn i fire bokar, basert på kva slags verb som er brukt. Dei aktuelle verba er *skrive*, *skyte*, *fare* og *kome*. Fokuset på studiet ligg på noko som heiter partisippkongruens, og samanhengen mellom partisippkongruens og bruk av *det* eller *der* som formelt subjekt.

Bakgrunnsinformasjon

Fødd (år): _____

Mor frå Herøy: _____

Far frå Herøy: _____

Har budd i Herøy: _____

Har budd borte frå Herøy: _____

Vurderer sin eigen dialektbruk som: _____

Vedlegg 2

Spørjeliste med informantsvar

1 => heilt uakseptabel

5 => heilt akseptabel

- => ikkje relevant

Skrive (passiv)	U1	U2	U3	G1	G2
101 Avisartikkele vart skreve i går	5	4	4	1	5
102 Avisartikkele vart skreve(n) i går	2	2	2	5	1
103 Det vart skreve en avisartikkkel i går	5	3	5	5	5
104 Der vart skreve en avisartikkkel i går	4	3	3	5	1
105 Det vart skreve(n) en avisartikkkel i går	5	5	4	5	1
106 Der vart skreve(n) en avisartikkkel i går	4	1	3	5	1
107 Boka vart skreve om det so sjedde	5	2	5	4	1
108 Boka vart skreva om det so sjedde	5	4	2	1	5
109 Det vart skreve ei bok om det so sjedde	5	5	4	5	5
110 Der vart skreve ei bok om det so sjedde	4	1	1	4	1
111 Det vart skreva ei bok om det so sjedde	3	1	1	1	1
112 Der vart skreva ei bok om det so sjedde	5	1	1	1	5
113 Artiklane vart skreve om saka	5	4	4	1	1
114 Artiklane vart skrevne om saka	4	2	3	5	5
115 Det vart skreve fleire artikla om saka	5	4	5	2	5
116 Der vart skreve fleire artikla om saka	5	2	2	2	4
117 Det vart skrevne fleire artikla om saka	4	3	3	5	1
118 Der vart skrevne fleire artikla om saka	3	3	4	5	3

Skyte (passiv)	U1	U2	U3	G1	G2
119a Elge vart skåte i går	4	-	5	2	5
119b Elge vart skutt i går	-	5	-	-	-
120 Elge vart skåte(n) i går	5	1	2	5	5
121a Det vart skåte en elg i går	3	-	4	4	5
121b Det vart skutt en elg i går	-	5	-	-	-
122a Der vart skåte en elg i går	2	-	3	5	1
122b Der vart skutt en elg i går	-	2	-	-	-
123 Det vart skåte(n) en elg i går	4	1	2	3	1
124 Der vart skåte(n) en elg i går	4	1	3	5	1
125a Kua vart skåte i stad	2	-	5	1	1
125b Kua vart skutt i stad	-	4	-	-	-
126 Kua vart skåta i stad	5	5	3	5	5
127a Det vart skåte ei ku i stad	5	-	4	5	5
127b Det vart skutt ei ku i stad	-	4	-	-	-
128a Der vart skåte ei ku i stad	3	-	3	2	1
128b Der vart skutt ei ku i stad	-	2	-	-	-
129 Det vart skåta ei ku i stad	4	5	3	4	5
130 Der vart skåta ei ku i stad	4	1	4	5	1
131a Elgane vart skåte i fårje veke	2	-	4	1	1
131b Elgane vart skutt i fårje veke	-	5	-	-	-
132 Elgane vart skåtne i fårje veke	5	1	5	5	5
133a Det vart skåte monge elga i fårje veke	4	4	3	4	5
133b Det vart skutt monge elga i fårje veke	-	-	-	-	-
134a Der vart skåte monge elga i fårje veke	5	1	4	1	5
134b Der vart skutt monge elga i fårje veke	-	-	-	-	-
135 Det vart skåtne monge elga i fårje veke	3	1	3	2	1
136 Der vart skåtne monge elga i fårje veke	2	1	4	5	2

Fare (presentering)	U1	U2	U3	G1	G2
201 Manne e fere/fåre ut i Kvalsøya	5	4	5	5	5
202 Manne e fere(n)/fåre(n) ut i Kvalsøya	4	1	5	5	1
203 Det e fere/fåre en mann ut i Kvalsøya	4	5	4	5	5
204 Der e fere/fåre en mann ut i Kvalsøya	5	3	4	5	5
205 Det e fere(n)/fåre(n) en mann ut i Kvalsøya	1	3	3	5	1
206 Der e fere(n) en mann ut i Kvalsøya	2	1	4	5	1
207 Jenta e fere/fåre ut i Kvalsøya	4	5	3	4	1
208 Jenta e fera/fåra ut i Kvalsøya	5	5	5	5	5
209 Det e fere/fåre ei jente ut i Kvalsøya	5	2	3	4	5
210 Der e fere/fåre ei jente ut i Kvalsøya	4	1	4	5	5
211 Det e fera/fåra ei jente ut i Kvalsøya	2	5	3	1	5
212 Der e fera/fåra ei jente ut i Kvalsøya	2	3	4	2	5
213 Folka e fere/fåre ut i Kvalsøya	5	5	2	2	5
214 Folka e ferne/fårne ut i Kvalsøya	4	5	5	5	5
215 Det e fere/fåre en del folk ut i Kvalsøya	5	5	2	4	5
216 Der e fere/fåre en del folk ut i Kvalsøya	5	5	5	5	5
217 Det e ferne/fårne en del folk ut i Kvalsøya	3	1	2	4	1
218 Der e ferne/fårne en del folk ut i Kvalsøya	4	1	5	5	5

Kome (presentering)	U1	U2	U3	G1	G2
219a Filme e kåmt på kino	5	5	5	5	5
219b Filme e kåme på kino	-	-	-	3	5
220 Filme e kåme(n) på kino	4	1	2	1	5
221a Det e kåmt en nye film på kino	4	5	2	5	5
221b Det e kåme en nye film på kino	-	-	-	4	5
222a Der e kåmt en nye film på kino	5	4	5	5	5
222b Der e kåme en nye film på kino	-	-	-	5	5
223 Det e kåme(n) en nye film på kino	4	1	1	2	1
224 Der e kåme(n) en nye film på kino	5	1	4	4	1
225a Boka e kåmt i bokhandele	5	5	5	2	5
225b Boka e kåme i bokhandele	-	-	-	-	1
226 Boka e kåma i bokhandele	5	2	3	5	5
227a Det e kåmt ei nye bok i bokhandele	4	5	1	5	5
227b Det e kåme ei nye bok i bokhandele	-	-	-	-	1
228a Der e kåmt ei nye bok i bokhandele	5	1	5	5	5
228b Der e kåme ei nye bok i bokhandele	-	-	-	-	1
229 Det e kåma ei nye bok i bokhandele	4	4	2	5	5
230 Der e kåma ei nye bok i bokhandele	5	1	3	5	5
231a Gjestane e kåmt	5	5	5	1	5
231b Gjestane e kåme	-	-	-	-	-
232 Gjestane e kåmne	5	4	4	5	5
233a Det e kåmt nåkre gjesta	4	5	3	2	5
233b Det e kåme nåkre gjesta	-	-	-	-	-
234a Der e kåmt nåkre gjesta	5	1	5	2	5
234b Der e kåme nåkre gjesta	-	-	-	-	-
235 Det e kåmne nåkre gjesta	4	2	2	5	5
236 Der e kåmne nåkre gjesta	5	1	4	5	5

Vedlegg 3

Fullstendige trestrukturar.

Oversikt over figurane s. 58-60:

Figur 20: Setning 208 *Jenta e fera ut i Kvalsika* (DP-løfta SU + f. sg. partisipp)


Figur 21: Setning 219a *Filme e kåmt på kino* (DP-løfta SU + ubøygd partisipp)

Figur 22: Setning 236 *Der e kåmne nåkre gjesta* (Der + m. pl. partisipp)


Figur 23: Setning 216 *Der e fere en del folk ut i Kvalsika* (Der + ubøygd partisipp)

Figur 24: Setning 133a *Det vart skåte monge elga i fårje veke* (Det + n. sg. partisipp)



Figur 25: Setning 229 *Det e kåma ei nye bok i bokhandele* (Det + f. sg. partisipp)





Figur 20



Figur 21





Figur 25

Samandrag

Temaet for denne masteroppgåva er samsvarsbøyning av perfektum partisipp i setningar med «det» og «der» som formelt subjekt. Fenomenet er undersøkt i passiv- og presenteringssetningar i herøydialekta på ytre sore Sunnmøre. Eg har tatt utgangspunkt i *hypotesen om partisippkongruens*, som seier at perfektum partisipp kongruerer med «det» når «det» er formelt subjekt, men med den postverbale DP-en når «der» er formelt subjekt. Ein konsekvens av hypotesen om partisippkongruens er at setningar som *Det vart skote ei ku* eller *Der vart skota ei ku* bør bli vurderte som heilt akseptable, medan setningar som **Det vart skota ei ku* eller **Der vart skote ei ku* bør bli vurderte som uakseptable av dialektbrukarane. For å undersøke om hypotesen om partisippkongruens stemmer med datamateriale frå herøydialekta, blei det brukt fem informantar frå Herøy, fordelt på ei yngre og ei eldre gruppe. Informantane rangerte over 70 testsetningar på ein skala frå 1 (heilt uakseptabel) til 5 (heilt akseptabel). Resultata viste at informantane kunne godta setningar som ikkje stemte med hypotesen, og den etablerte analysemodellen blei difor utfordra. Analysekapittelet i denne oppgåva drøfter korleis ein kan analysere resultata som ikkje stemmer med hypotesen om partisippkongruens, utan å gjere radikale endringar i den opphavelege analysemodellen.

Relevans for lektoryrket

Å skrive ei syntaktisk masteroppgåve er relevant for virket som norsklektor på fleire måtar. Syntaks, eller grammatikk generelt, er eit omdiskutert tema i norskfaget. Det har lenge vore ei allmenn oppfatning at grammatikken ikkje har nokon direkte nytteverdi for elevane, fordi elevane ikkje blir flinkare å skrive av undervisninga i grammatikk. Nyare studiar viser derimot at grammatikkundervisning kan gi positivt utslag i elevane si evne til å formulere seg skriftleg, men det er eitt viktig premiss som må vere lagt: læraren må sjølv ha kunnskap om grammatikk. Dersom læraren ikkje er i stand til å forklare dei grammatiske systema på ein slik måte at elevane kan forstå dei, blir ikkje grammatikken ein nyttig reiskap i skriveopplæringa. Om elevane utviklar eit metaspråk – eit språk om språket sitt – kan ein samtale meir presist om kva som kjenneteiknar eit godt og klart språk.

I tillegg til at eg har opparbeidd meg kunnskap om grammatikk, har også sjølve skriveprosessen vore lærerik. Eg har erfart korleis såkalla *tenkeskriving* kan nyttast som hjelpemiddel, både for å skrive seg inn i eit tema, og for å vidareutvikle dei ideane ein sit inne med. Tenkeskrivinga er kjenneteikna av at ein ikkje skriv for andre enn seg sjølv, og at teksten ikkje blir vurdert formelt. Denne erfaringa ønsker eg å overføre til norskundervisninga, og såleis la elevane erfare at skriving ikkje berre handlar om det ferdige produktet, men at skriving òg er eit verktøy for å lære.